



Valnemnda vil ha Peder

Peder er innstilt som leiar for tredje gong. Sjå innstillinga til nytt styre i Mållaget.

SIDE 4-5

Tek vare på nynorskelevane

«Hald på nynorsken!» har blitt meir enn eit slagord ved Molde VGS.

SIDE 8



– Så aktuell at det gjer vondt

Aksel Bjørnstad Haug reaktualiserer forfatterskapen til Jan Roar Leikvoll.

SIDE 26-29

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 2
april 2024

Nynorskblues skapar jubel

■ Good Time Charlie engasjerer med bluesmusikk på nynorsk og dialekt – og eit undervisningsopplegg.

Side 12-15



Leikvoll og nynorsken

■ I år er det 10 år sidan den kritikar- roste forfattaren Jan Roar Leikvoll brått døydde av hjartesvikt. Då Leikvoll fekk Nynorsk litteraturpris, sa han i eit intervju til Bergens Tidende: «Eg er ingen tilhengar av nynorsk, men det er det einaste språket eg klarer å skrive på. Det gir meg den avstanden og motstanden eg personleg treng for å skape skjønnlitteratur.» Tidlegare hadde han gitt Jon Fosse æra for å ha overttydd han om å skifta til nynorsk.

■ Som kjent er Fosse ein ihuga målmann, og svært språkpolitisk medviten. Haldningane til Leikvoll minner om «nynorsk er fint i dikt»-type argumentasjon. Ein må tru han hadde vorten meir sjølv-sikker på språkvalet sitt, hadde han levd til å vitna Fosse få nobelpris og takka nynorsken.

■ Tore Renberg ytra liknande ting som Leikvoll, då han sa han ikkje fekk til boka *Du er så lys* før han skifta til nynorsk. Sjølv om nynorsk sjølv sagt er eit språk som kan nyttast til alt, og at det dimed er lettare å sympatisera med Fosse i målsaka, er poenga til Renberg og Leikvoll også gyldige og viktige argument for kvifor to norske skriftspråk har noko for seg. Slik Kjartan Fløgstad sa det i 1983: «Einaste respektable motivet for å driva målstrid er at dei fire millionane som held seg til norsk skal få så rikt eit uttrykksmiddel som råd for samkvemmet, seg i mellom, og med resten av verda.»

■ Å nytta nynorsk er ei politisk utsegn, fordi språk er politisk. Å nytta det eine skriftspråket over det andre, vil difor også kunna vera estetisk motiverte val – og det er også heilt greitt. Døma med Leikvoll og Renberg, viser oss at språk ikkje berre er eit kommunikativt, men også ber i seg forventingar, tradisjonar, kjensler og estetikk.

■ I denne utgåva av *Norsk Tidend* markerer vi at det er ti år sidan Leikvoll gjekk bort. Medan han levde, var han kritikar- rost for det vakre språket sitt, den mørke tematikken og dei originale forteljingane sine. Forfattarskapen rakk ikkje å bli særleg stor, men det han gav ut blei lagt merke til. Trass i to posthume utgivingar, ser Leikvoll ut til å ha forsvunne litt frå samtidas litterære medvit. Det vil vi gjera vårt for å endra på. God lesnad!

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Redaktør: Vemund Norekvål Knudsen

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Det er på høg tid å **grunnlovsfesta** norsk som nasjonalt hovudspråk i Noreg og grunnlovsfesta jamstillinga mellom bokmål og nynorsk.

Jamstillinga mellom nynorsk o

■ Noregs Mållag har programfesta at vi meiner «jamstillinga mellom nynorsk og bokmål skal grunnlovsfestast». No girar vi opp arbeidet for å sikre den formelle likestillinga mellom bokmål og nynorsk ein sterkare og tydelegare rettsleg status. Styret i Noregs Mållag har skrive ei fråsegn som landsmøtet skal handsame i april. Då sparkar vi på mange måtar i gang det vi trur vil bli ein stor og viktig debatt. Vi har som mål at det blir levert eit konkret grunnlovsframlegg i Stortinget denne valperioden, slik at det neste Stortinget kan handsame det.

■ Vi ynskjer at norsk, både bokmål og nynorsk, skal grunnlovsfestast som nasjonalt hovudspråk. Det vil vere viktig særleg for nynorsk, som det minste av dei to norske skriftspråka. I dag er det berre samisk (i grunnlovsteksten i eintal) som har eit eksplisitt grunnlovsvern (paragraf 108). I paragraf 114 er norsk språk indirekte grunnlovsfesta gjennom kravet om å måtte tale «språket i landet» for å bli utnemnd til embete i staten. I Lov om språk (språklova) blir det slått fast at norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg. Det bør også stå i Grunnlova.

■ I ei globalisert verd treng norsk språk eit sterkare vern enn tidlegare. Det er mange land som ser dette. Ifølge databasen Constitute finst det 148 land i verda med grunnlover som inneheld føresegner om nasjonalspråk. 97 land har grunnlover med føresegner som på ulike vis vernar språkbruk. Det er i dag meir vanleg at

■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE

Leiar i Noregs Mållag

statar omtalar språk i grunnlovene enn at dei ikkje gjer det.

■ Dei siste åra har Stortinget gjort mykje for å oppdatere Grunnlova, med mellom anna ei rekkje menneskerettslege føresegner. Ei grunnlovsfesting av statusen til det norske språket, medrekna jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, vil vere ei modernisering av Grunnlova.

■ Den finske grunnlova frå 1999 seier i § 17 første ledd kort og godt at finsk og svensk er Finland sine nasjonalspråk, og innheld så meir omtale om både samisk, teiknspråk og språket til “romerna och andra grupper”. Den finske grunnlova er den einaste i Norden som inneheld føresegner om språk.

■ Ei anna form for grunnlovsfesting finn vi i den irske grunnlova, som gjev irsk status som nasjonalspråk og første offisielle språk, medan engelsk er det andre offisielle språket.



Illustrasjon: AS

g bokmål må grunnlovsfestast

I den franske grunnlova er det slått fast i artikkel 2 at fransk er republikkens språk. I artikkel 75-1 er regionale språk anerkjende som del av Frankrikes [kultur]arv.

■ I den spanske grunnlova er *dei spanske språka* verna. Kastiljansk har etter artikkel 3 status som statens språk, mens andre spanske språk (til dømes katalansk og baskisk) har status som offisielle språk i sine område. Alle dei spanske språka er anerkjende som del av Spanias kulturarv og skal respekterast og vernast. Artikkel 20 om ytringsfridom slår fast at det skal takast omsyn til språkmangfaldet i Spania i mediepolitikken.

■ Slovenias grunnlov slår i artikkel 11 fast at slovensk er det offisielle språket i Slovenia, og at italiensk og ungarsk skal vere offisielle språk i dei kommunane som har befolkning som tilhøyrer dei italienske og ungarske folkegruppene i landet.

■ Austerrikes grunnlov slår i artikkel 8 fast at tysk er republikkens språk, men at republikken òg anerkjenner språka til folkegrupper med tradisjonell tilknytning til landet, og at desse språka skal respekterast, vernast og fremjast.

■ Vår eiga grunnlov må slå fast at norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg, og at nynorsk og bokmål er jamstilte og likeverdige norske skriftspråk.

■ I 2024 kan vi feire runde jubileum for to viktige nynorskvedtak i nyare tid. For 50 år sidan, i 1974, vedtok Stortinget at lærebøker til bruk i skulen skulle kome til same tid og same pris. Dette vedtaket var avgjerande viktig for å sikre elevar retten til likeverdig opplæring i alle fag på nynorsk. For 10 år sidan, i 2014, vedtok Stortinget at Grunnlova skulle finnast i to jamstilte versjonar, ein på nynorsk og ein på bokmål. At det mest grunnleggjande dokumentet for staten Noreg då kom på nynorsk, var ein stor siger for nynorsken.

■ At det blir levert eit konkret framlegg om grunnlovsfesting av norsk - med jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, vil vere ei fin markering av desse jubilea.

“ Vi ynskjer at norsk, både bokmål og nynorsk, skal grunnlovsfestast som nasjonalt hovudspråk. Det vil vere viktig særleg for nynorsk, som det minste av dei to norske skriftspråka.

■ sagt

Nynorsken og en lang språkstrid har endra det norske skriftspråket til et punkt hvor ikke engang Aftenposten eller Riksmålsforbundet bruker danske termer lenger.

**Aslak Sira Myhre
i Stavanger Aftenblad**

De fleste av oss har hørt om eller brukt ChatGPT, Googles Gemini, eller andre språkmodeller. De genererer tekst. OpenAI, selskapet bak ChatGPT, har det siste året opplevd eventyrlig vekst. På to måneder etter lansering strømmet over hundre millioner brukere til tjenesten, ifølge The Verge.

- De modellene er skikkelig bra, til og med på nynorsk, forteller Gunnar Tuft, professor ved informatikk på NTNU.

Gunnar Tuft til NRK

I personally think it's sort of like a dumb construct that we capitalize the letter at the beginning of a sentence and of certain names and whatever.

**Sam Altman/OpenAI
til Lex Fridman**

Æ syng på trønderisk fordi æ drømme på trønderisk.

**Åge Aleksandersen
då han fekk
Målprisen frå Trønderlaget**

Noko løсна då eg byrja å skrive på nynorsk. Det var faktisk Jon Fosse som føreslo at eg skulle skifte over frå bokmål til nynorsk.

**Jan Roar Leikvoll
då han debuterte i 2008**

Eg prøvde iherdig å skrive bokmål. Men først då eg oversette romanen til nynorsk, løysna det. Eg er ingen tilhengar av nynorsk, men det er det einaste språket eg klarer å skrive på. Det gir meg den avstanden og motstanden eg personleg treng for å skape skjønnlitteratur.

**Jan Roar Leikvoll
til BT då han vann
Nynorsk litteraturpris**

– Vi er veldig godt nøgde med **Peder Lofnes Hauge** som leiar i Noregs Mållag. Han er offensiv på vegner av Mållaget og nynorsken, og både strategisk og kunnskapsrik, med det nødvendige glimtet i auget som målrørsla treng, fortel Øyvind Fenne, leiar i valnemnda i Noregs Mållag.

Peder Lofnes Hauge er innstilt som leiar for tredje gong



Gunnhild Skjold



Kjetil Aasen

VERMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ **Peder Lofnes Hauge** (35) er utdanna lærar og bur i Bergen med sambuar og tre små born. Han har vore leiar i Noregs Mållag dei siste fire åra. Han har vore i styret til Noregs Mållag sidan 2016 og var nestleiar frå 2018 til 2020.

– Eg er takksam for at valnemnda vil gje meg sjansen til å vere leiar i Mållaget i to nye år. Det har vore mykje å juble for; både endå ein medlemsrekord for Noregs Mållag og nobelprisen i litteratur til Jon Fosse, seier Peder Lofnes Hauge.

Han er likevel tydeleg på at han leier ein organisasjon som no er kampklar på vegner av nynorsken og nynorskbrukarane.

– 210 år etter at Noreg fekk si eiga grunnlov, er det på tide å grunnlovsfeste at norsk skal vere det samfunnsberande språket i Noreg. Ikkje minst er det på høg tid at jamstillinga mellom nynorsk og bokmål blir sikra i det som er Noregs viktigaste lov, Grunnlova.

Dette vert ei av hovudsakene

når Noregs Mållag samlar seg til landsmøte 19.–21. april i Trondheim. Då vil også digitalisering og nynorsk stå på dagsordenen.

– I ein meir digital kvardag er det avgjerande at språkteknologien forstår og tek omsyn til nynorsken og dei norske dialektene. Det må vere mogleg å vere nynorskbrukar også på internett, seier Peder Lofnes Hauge.

Dette er valnemnda sitt framlegg til nytt styre:

Live Havro Bjørnstad (37) er innstilt som ny nestleiar. Live er frå Voss og bur i Bergen. Ho er utdanna innanfor språk, litteratur og idéhistorie, og driv skulebiblioteket på Bergen Katedralskole. Frå 2016 til 2022 var ho tilsett i Hordaland Mållag som prosjektmedarbeidar. Dei siste åra har ho vore nestleiar og økonomiansvarleg i Bergen ungdomslag Ervingen og drive politisk påverknadsarbeid for lesing og skulebibliotek.

Kjetil Aasen (46) bur i Oslo og er protokollsekretær i Høgsterett. Han er utdanna jurist og språkvi-

tar, og har tidlegare arbeidd med språkrådgjeving og språkpolitiske saker i Språkrådet og Kulturdepartementet. Han har vore i styret sidan 2020. Han har også hatt fleire tillitsverv i Mållaget, mellom anna i Østfold Mållag.

Espen Tørset (44) bur i Orkland og er lektor ved Orkdal vidaregåande skole. Han har vore 1. vara i inneverande landsmøteperiode. Han er leiar i Trønderlaget og har vore redaktør i Jul i Trøndelag i 15 år.

Gunnhild Skjold (28) bur i Tromsø. Ho er utdanna lektor, og jobbar i dag som rådgjevar ved Senter for samisk helseforskning ved UiT Noregs arktiske universitet. Ho er tidlegare leiar av Norsk Målungdom og har nett gått av som leiar i Tromsø Mållag. Dei tre siste åra har ho etter nominasjon frå NMU vore styremedlem i LNU – Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjonar.

Monika Haanes Waagan (55) bur i Herøy, driv tekst-, nettside-, og konsulentbyrået Akka AS. Ho



Peder Lofnes Hauge Foto: Kristianne Marøy

har ein mastergrad i nynorsk skriftkultur med oppgåva «Næringslivsspråk i Nynorskland». I 2020 var ho initiativtakar til Nynorsk Bedriftsforum. Ho er leiar av Herøy Mållag.



Framlegget til varamedlemer:

1. vara: **Synnøve Marie Sætre** (34), bur i Ørsta og er senterleiar på Nynorsksenteret ved Høgskulen i Volda. Ho har vore leiar i Norsk Målungdom og nestleiar i Noregs Mållag sidan 2022, og har

i periodar fungert som leiar.

2. vara: **Tommy Tverdal** (29), er oppvaksen i Odda og i Vennesla. Han er fagleg ungdomsskretær i LO Agder og leiar i Mållaget i LO-administrasjonen.

3. vara: **Silje Nathalie Luv-**



Live Havro Bjørnstad
Foto: Privat



Monika Haanes
Waagan
Foto: Natalie Gushchina



Espen Tørset

Foto: NTNU

åsen (31), vaks opp i Hedmark, bur i Oslo og er lektor i vidaregåande skule. Ho er nestleiar i Hamar dialekt- og mållag. Ho skifta til nynorsk då ho byrja på Høgskulen i Innlandet for å bli lektor i norsk i 2018.

4. vara: **Jorunn Simonsen Thingnes** (33), bur i Sogndal og er fyrsteamanuensis i norsk ved Høgskulen på Vestlandet. Er leiar i Sogn og Fjordane Mållag. Har fortid som sentralstyremedlem i Norsk Målungdom.

– Dei møta eg har likt best, er der vi har vore usamde. Det er viktig og skjerpande med diskusjon. Vi må ha fleire ideologiske ordskifte, seier **Inger Johanne Sæterbakk**, som gir seg etter åtte år i styret i Mållaget.

Frå styre til stipend

VEMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ – Du har vore med lenge, kva er det som har halde deg gåande?

– Eg synest jo nynorsk er ei viktig sak å bruke tid på, og sjølv om eg har vore aktiv i målrørsla tidlegare, var det utruleg lærerikt å komme inn i styret. Så mange saker å sette seg inn og så skjerpande for argumentasjonen. Eg vurderte å gi meg etter ein periode, for det var så overveldande, men eg er glad eg tok attval. Eg har lært utruleg mykje meir enn eg trudde, for eg visste ikkje kor mykje Noregs Mållag jobbar med og kor mykje som er i spel heile tida. Eg har også fått nokre spennande oppgåver, som å leie arbeidet med nytt prinsippprogram. Eg er glad for fellesskapet med dei andre i styret og resten av Mållaget, og sjølv om det tar mykje tid, har det vore ein fin periode.

*

– Korleis har målstoda endra seg i dei åtte åra du har vore i styret?

– I dei åtte åra eg har sete i styret har vi jobba mykje med å påverke innhaldet i dei to store språkløva, språkloven og opplæringsloven. Det som har overraska meg mens eg har sete i styret, og som truleg ikkje er nytt, er kor mange som trenerer desse lovane og kor vanskeleg det er å få oppfylt rettane sine som nynorskelev enkelte stader. Eg trur arbeidet med å sikre skulemålet blir endå viktigare framover, særleg i randsonene.

*

– Kva er dei største sigrane?

– Det låg mange års arbeid i heile organisasjonen bak at språkdelt ungdomsskole vart innført. No gjeld det å sikre at kommunane faktisk følgjer opp dette. Og så synest eg vi er gode når vi jobbar i lag på alle nivå i organisasjonen, og i lag

med resten av målrørsla for å få gjennomslag for sakene våre. Vi fekk ikkje gjennomslag for alt i den nye opplæringsloven, men det var inspirerende å sjå korleis lokallaga, fylkeslaga, sentrallækken og andre delar av målrørsla arbeidde i lag.

*

– Har du nokre personlege høgdepunkt?

– Vi hadde nokre fine seminar rundt om i landet da vi arbeidde med nytt prinsippprogram, det vart det mange gode diskusjonar ut av. Nynorsk-stafett på Jæren var også kjekt. Og så var det utruleg fint å vere på fysisk landsmøte att på Gardermoen for to år sidan, der vi vedtok nytt prinsippprogram. Under pandemien fekk eg dele ut målprisen til biskop Kari Veiteberg på 60-årsdagen hennar, og det var stas.

*

– Kva er du mindre nøgd med?

– Eg er mindre nøgd med kommunane som trenerer fleirtal for nynorsk i skulemålsrøystingar, som ikkje gir nynorskelevane det dei har krav på i opplæringa, og at Stortinget ikkje ville sikre at nynorskelevane får dei digitale læringsverktøya sine på nynorsk, da dei vedtok ny opplæringslov.

*

– Kva bringar framtida?

– Eg har faktisk fått tid til skrive tre romanar mens eg har sete i styret, ved sida av full jobb. No har eg fått arbeidsstipend frå staten og skal bruke meir tid på skriving. Og så jobbar eg som språkkonsulent på Det Norske Teatret, så eg skal halde fram med språkrøkt og målpolitisk arbeid der. Det blir framleis mykje nynorsk. Og så er eg innstilt til første vara i valnemnda, så det er jo mogleg

Rettskrivingsendringar på høyring

«Kossen» kan koma tilbake og substantiv kan endra kjønn dersom framlegga til Språkrådet blir vedtekne.

VEMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ Språkrådet har sendt ut på høyring ei rekkje framlegg til endringar i rettskrivinga på nynorsk og bokmål. Alle som vil, kan koma med forslag og synspunkt til framlegga. Fristen er 15. april.

Ingen av dei endringane som her er føreslegne, er gjennomgripande nok til at dei må bli godkjende av Kulturdepartementet. Her får du ei oversikt over dei nynorsk-relevante framlegga frå Språkrådet.

Norvagiseringar

Blant forslaga som har hausta mest merksemd, er det norvagiseringane av fleire kjende og kjære matrettar og leskande nytingar, saman med andre ord. Kjem du til å ha fredagstako med kava til og eit slag kanasta med ein kasanova, eller held du deg til dei gamle normene?

Dagens norm	Ny norm
Calvados	Calvados/kalvados
Calypso	Calypso/kalypto
Campus	Campus/kampus
Canasta	Canasta/kanasta
Casanova	Casanova/kasanova
Cava	Cava/kava
guacamole	Guacamole/guakamole
Prosecco	Prosecco/prosekko
Scampi	Scampi/skampi
Taco	Taco/tako

Jus = juss, resurs ut

I dag er jus både noko du har i glaset og drikk, og eit substantiv om rettsreglar og juridisk metode. Dersom Språkrådet får det som dei vil, skal det ikkje lenger vera lov å bruka «jus» om juss. Dei skriv at både jus og juss er i bruk, med ei lita overvekt til jus. I bestemt form er det derimot nesten alltid forma jussen som blir brukt, uansett om ein skriv jus eller juss i utgangsform. Dette bruksmønsteret og samsvar med andre rettskrivingsformer, slik som chat(t), spot(t) og hub(b)), gjer at at juss og jussen er føreslegne som dei tillatne formene.

Språkrådet ønskjer også å fjerna mogleheita til å skriva resurs, slik at berre ressurser er den lovlege normeringa.

Pellet

Når det vert kaldt, er det fleire som fyrer opp i peisen med det nokon kallar ein pellet. I fleirtal er dette i dag pelletar, men Språkrådet vil at



FORFATTAR: – Eg har faktisk fått tid til skrive tre romanar mens eg har sete i styret, ved sida av full jobb. No har eg fått arbeidsstipend frå staten og skal bruke meir tid på skriving.

Foto Foto: Maria Olivia Rivedal / Aschehoug

å få med seg litt av det som skjer i organisasjonen framover også, om eg blir vald, da.

– Eg trur forresten det er bra at vi har den regelen med at ein ikkje kan site i same verv lenger enn 8 år. Det er viktig med utskifting og nyrekrutering.

*

– Har du noko du ønskjer å seie til styret, både avtroppande og nytt?

– Det har vore veldig gøy, synest eg, både på og rundt styremøta. Ein fin gjeng! Dei møta eg har likt best, er der vi har vore usamde. Det er viktig og skjerpande med diskusjon, og det gjeld i heile organisasjonen. Vi må ha fleire ideologiske ordskifte. Eg skjønner meg forresten ikkje på dei som ikkje engasjerer seg i frivillige organisasjonar. Kva bruker folk tida si på, eigentleg? Vel, det kjem eg vel kanskje til å finne ut no framover.

ein skal ha lov å skriva pelletsar med s, fordi det er vanleg å leggja til ein s. Det blir likevel ikkje lov å skriva pellets i fleirtal, berre i eintal. Språkrådet føreslår følgjande:

Ein pellet(s) – pellet(s)en – pellet(s)ar – pellet(s)ane

Koss går det?

Spørjeordet «koss» kan koma tilbake som eige oppslagsord. Dette blei fjerna som sideform av «korleis», saman med «hoss» og «hossen» i 2012-rettskrivinga.

I argumentasjonen frå Språkrådet viser dei til at ordet har tradisjon i skriftspråket, og er brukt i nynorsk, særleg i skjønnlitteratur. Det finst også i talemål langs kysten og i innlandsområde, særleg i nynorsk område.

Ein/eit raster

Ei rast har fleire bruksområde i nynorsk i dag, men her er det snakk om ein/eit raster. Ifølgje nynorskordboka er dette «rutemønstre glas-

plate til å reprodusere og prente bilete».

Språkrådet ønskjer å endra genusnormeringa av substantivet ved å ta vekk hankjønnsforma, og berre ha inkjekjønnsnormering.

Kjønnsendingar

Dette er ikkje dei einaste kjønnsendingane som er føreslegne. Sju andre ord er også vurderte å få endra genusnormeringa.

	dagens norm		ny norm	
	bokmål	nynorsk	bokmål	nynorsk
artefakt	m	m	m/n	m/n
ekstrakt	m	m	m/n	m/n
'uttrekk, utkok'				
jippo	n	n	m/n	m/n
krampe	m	m	m/f	m/f
låt	m	m	m/f	m/f
manual	m	n	m/n	m/n
'tangentar på orgel'				
skyr	m	n	m/n	m/n



Grunngjevinga for endringane er motivert av «eit ønske om å justera normene i tråd med den faktiske bruken av bokmål og nynorsk.» Språkrådet viser til at det er blitt gjort undersøkingar i store tekstkorpus av bruken av alle dei aktuelle orda.

Når nynorskelevane er i mindretal:

– Molde videregående skole har fått det til!

«Hald på nynorsken!» har blitt meir enn eit slagord ved Molde videregående skole.

ØYVIND FENNE
Romsdal Mållag

■ Med entusiasme og ein serie tiltak har administrasjonen og norskaavdelinga lagt eit grunnlag for tilhøyrse og trivsel kring det å ha nynorsk som sitt språk. Og ikkje minst: At langt færre enn før skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål, men held på nynorsken. Det kjem ikkje av seg sjølv.

Målbyte i overgangen ungdomsskule/vidaregåande er eit gammalkjent fenomen, godt dokumentert gjennom fleire granskningar. Kjerneområde for nynorsk som t.d. Volda og Firda, har knapt noko språkskifte, medan Ålesund og Molde har hatt dette stort omfang. Det same biletet finn me i t.d. Valdres, Agder og Rogaland.

Fylkesmållaga i Møre og Romsdal har lenge vore opptekne av saka og har saman med Noregs Mållag hatt eit godt samarbeid både med nærings- og kompetanseavdelinga (utd.avd.) i fylkeskommunen og Molde vgs. Med ein politisk vedteken skulemålplan i ryggen, men ikkje minst ut frå eigen kunnskap, vilje og realistiske målsetjingar, har Molde vgs. utretta noko som kan inspirere andre skular til liknande tiltak. Assisterande rektor Marianne Andersson og avdelingsleiar for norsk, kroppsøving og framandspråk, Celia Berg, presenterte program og tiltak som er gjennomførte dei siste 3–4 åra på årsmøtet i Molde mållag den 4. mars.

Kva er så oppskrifta? Kva har dei gjort – slik i kortform? Jau, føl-

“**Langt færre enn før skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål, men held på nynorsken. Det kjem ikkje av seg sjølv.**



MÅLPRIS: Frå venstre: Avdelingsleiar Celia Berg og assisterande rektor Marianne Anderson mottek målprisen «Heider og ære» frå Molde Mållag. Leiar Åse Marie Longva stod for overrekkinga.

gjande, henta frå deira eigen presentasjon:

- ◆ «e-post til alle ungdomsskular med oppmoding om å halde på nynorsk i overgangen til vgs.
- ◆ ut frå inntakslistene i Vigo+Skolestart: oversikt over elevar med nynorsk hovudmål
- ◆ velkomstmelding til elevar med nynorsk hovudmål ved skulestart
- ◆ samle nynorskelevar i vg1 studiespesialisering i nokre få klassar. Mål: skape tilhøyrse, unngå at elevar opplever å vere den einaste med nynorskbok, gjere det lettare for faglærarar å forsvare å bruke nynorsk som undervisningsspråk
- ◆ informasjon til alle kontaktlærarar og norsklærarar om kva for elevar som har nynorsk hovudmål – med instruks om

å vidareformidle til alle faglærarar

- ◆ språklova generelt og nynorsk spesielt oppe som tema i oppstartsveka for lærarane»
- Andre tiltak kan oppsummerast slik:
- ◆ «aktiv bruk av nynorsk både på nettsidene, Teams (tidlegare Itslearning) og i sosiale medium (Facebook og Instagram)
 - ◆ markering av Nynorskdagen
 - ◆ fokus på innkjøp av læremiddel på rett målform – tett dialog med skulebibliotekar
 - ◆ oppretting av eigen nynorskkanal i Teams for elevar med nynorsk hovudmål
 - ◆ nynorsklunsj med pizza for nynorskelevane, inkl. kviss med premie. Mål: skape samhold og få tilbakemeldin-

gar om korleis det er å vere nynorskelev ved Molde vgs.»

Attåt alt dette: Nynorsk er synleg i skulekvardagen på alle digitale flater, i alle samanhengar, også gjennom plakatar – m.a. frå det nyskipa målungdomslaget.

Tidlegare har informasjon om hovudmål kome seint i Vigo. Dette vart retta opp våren 2023, etter initiativ frå fylkesmållaga og utdanningsavdelinga på fylket. Framleis er det ei utfordring at forlaga er treige med nynorskversjonar av lærebøker og med stavekontroll i Teams og onlineversjonar av Office-pakka.

Til sist: Molde vgs. er eit lysande døme på at god innsikt, faglege, pedagogiske og miljøskapande tiltak verkar. Norsklærarane ved skulen er viktige, men dei er ikkje åleine om å bruke nynorsk i undervisninga. Det blir òg lagt merke til.

– Men det har vel kosta noko – økonomisk sett? Svært lite. Nett det at noko så flott og viktig kan skje utan nemneverdige kostnader, er i seg oppløftande. Og det finaste: Det blir lettare å vere nynorskelev!



Telemark med godt nynorskvedtak

Telemark fylkesting har med solid fleirtal vedteke at Telemark fylkeskommune skal bruke minst 40 prosent nynorsk.

■ Det tyder at nynorsken blir godt synleg i pressemeldingar, stillingslysingar, saksutgreiingar og ikkje minst på nettsidene i fylkeskommunen.

– Telemark fylke er både nynorsk og bokmål. Då var det viktig at fylkestinget vedtok eit kompromiss for begge dei to skriftspråka, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

God dialog

I vedtaket heiter det at både bokmål og nynorsk skal vere representerte med minst 40 prosent.

Etter at fylkesdirektøren tidlegare i vinter føreslo ein nynorskdelen på berre 25 prosent, har Telemark Mållag og Noregs Mållag hatt ein god dialog med dei politiske partia.

– Me opplever at politikarane har lytta, og teke argu-

menta våre på alvor. Det er òg eit sunt teikn ved folkestyret at eit språkleg fleirtal gjev rettar til eit mindretal, slik Telemark fylkesting gjer, seier Einar Søreide. Formuleringa viser at fylkespolitikarane har ein reell vilje til å jamstille dei to skriftsspråka, seier Einar Søreide, leiar i Telemark Mållag.

Tverrpolitisk

Fylkesdirektøren hadde gjort framlegg om at Telemark skulle vere språkleg nøytral og ha 25 prosent nynorsk i ålment tilgjengelege dokument. I fylkestinget røysta 28 for å auke nynorskdelen til minst 40 prosent, medan 13 frå FrP og Høgre røysta for eige framlegg om minst 25 prosent nynorsk. Det er altså solid og tverrpolitisk fleirtal for å gje stor plass til nynorsken i nye Telemark fylke. I tillegg var heile fylkestinget samde om at fylkesdirektøren kvart år skal gje rapport om oppfølginga av språkvedtaket til fylkestinget.

Telemark har ein lang tradisjon for nynorsk i sku-

len, i kyrkja, i fylkeskommunen og kommunane, og i litteratur og songtradisjonen, for å nemne noko. Det fyrste vedtaket om å bruke nynorsk i Telemark blei gjort i 1928. I dag er det nær 1700 nynorskelevar i grunnskulen fordelt på ni kommunar. Det er åtte nynorsk-kommunar i Telemark, noko som utgjer 47 prosent av kommunane i fylket.

Godt føredøme

Språklova pålegg det offentlege å ta eit særskilt ansvar for å fremje og styrkje nynorsk, som det minst brukte norske skriftspråket. Å vere språkleg nøytral må bety reell jamstilling mellom dei to skriftspråka.

Aktiv språkpolitikk som det Telemark her har vedteke, gjer Telemark til eit godt føredøme for til dømes Agder, Buskerud og Innlandet, som også har deling mellom nynorsk og bokmål.

– Me er glade for sjå at fylkestingspolitikarane har gjeve nynorsken godt med plass i nye Telemark fylke, seier Peder Lofnes Hauge.

■ kringkastingsringen



JÓGVAN HELGE GARDAR
Leiar i kringkastingsringen

Manglande språkkrav til TV2

■ På tampen av fjoråret signerte staten ny avtale om allmennkringkasting med TV2. Den førre avtala vart inngått i 2018, og den nye vil gjelde fram til utgangen av 2028. I hovudsak er avtala eit politisk grep for å sikre mangfald og variasjon i norsk kringkasting, i tillegg til å skape konkurranse på nokre av kjerneområda til NRK. I retur for eit statleg tilskot på inntil 150 mill. kr. i året, skriv TV2 under på fleire krav til den geografiske spreiainga og det redaksjonelle innhaldet. Mellom anna skal hovudkontoret liggje meir enn 100 km frå Oslo sentrum, noko medielandsbyen i Bergen framleis kjem til å gjere. Nytt er at nyheitsredaksjonen må vere spreidd på minst seks ulike stader, medan krava om daglege nyheits-sendingar og førstegongssyning av norsk film og tv-drama vert med vidare.

■ Det som likevel manglar i både den gamle og den nye avtala, er gode språkkrav. Norskspråklege program skal utgjere minimum halvparten av sendetida, og det er krav om norskspråklege sendingar for born og unge. Men kravet til jamstilling mellom nynorsk og bokmål er framleis så svakt som vel mogleg: «Begge de offisielle målformene (sic!) skal benyttes», heiter det i avtala. Formuleringa har gjort det svært enkelt for Medietilsynet å krysse av for greidd i årsrapportane, t.d. ved å peike på einskildde nynorskbrukande nyheitsanker. Dialektbruk har ikkje fått plass i det heile. Det same gjeld samisk og dei offisielle minoritetsspråka.

■ Det har ikkje mangla på kritikk i perioden som nett er over. Både Kringkastingsringen, Mållaget og Språkrådet var ute ved førre krossveg med kritikk som må ha vore venta både hjå TV2 og departementet: Minimumskrav fører ikkje til reell jamstilling. Både partane må rekne med den same kritikken no.

■ Nokre ting har blitt betre i perioden. TV2 har sloppet til nynorsk på nettsidene sine, noko som slett ikkje er regulert i avtala. Kanalen har også tradisjonar for både dialektbruk og nynorsk i nyheits-sendingane sine. Desse tinga er vel og bra, men i fyrste omgang lyt ikkje fokuset rettast mot kva TV2 gjer eller ikkje gjer. Det må heller rettast mot kulturministeren, og kva krav departementet stiller til allmennkringkastarane. Det var stort rom for betring i den gamle avtala, men igjen har staten late jamstillinga vere opp til eige initiativ frå TV2. Det er ikkje godt nok.

Solør dialekt- og mållag med stor vekst

Måndag 5. februar var det årsmøte i Solør dialekt- og mållag. I desember 2023 var det eit dialektmøte og mobiliseringsmøte for å leggje grunnlaget for å skipe eit lokallag. No er lokallaget skipa med eit interimsstyre.

Alle som bur i kommunane Grue, Åsnes og Våler soknar til lokallaget, som ligg under Austmannalaget fylkeslag og tel over 30 medlemmer per mars 2024. Interimsstyret er **Mari Bredvold Gundersrud** (leiar), **Kari Tørrishaug** og **Anna Merete Framås Syversen**.

Litteraturfestival i Ålesund

Tre av styremedlemmane i Borgund Mållag, **Magritt, Ellen** og **Sigurd**, var også i år aktive i planlegging og gjennomføring av den vellukka Ålesund Litteraturfestival. Som i fjor var det ikkje plass til alle som ville få med seg dei mest populære programpostane, som då **Linda Eide** hadde om Fosse for dumskallar.

Under festivalen fekk laget profilert seg, blant anna med gåver til både nynorskforfattarar og andre forfattarar. Det blei også fleire nye medlemmer.

Populær bok om valdresdialekta

Boka **Dialekt av hjartans lyst – ei bok om valdresmålet** går unna som varmt kveitebrød. No har boka fått endå eit opplag. *Dialekt av hjartans lyst – ei bok om valdresmålet*, er gjeven ut av styret i Nord-Aurdal Mållag. Dei har vore overraska over kor mange bøker som har gått unna etter at boka vart lansert i haust. Etter at boka vart utseld ved nyttår, er det fleire som har satt seg på venteliste.

Målblome til Offerdal Film

Sidan 1999 har Kvinnherad mållag heidra lokale verksemder som over tid har vist positiv vilje og evne til å bruka nynorsk i kvardagen. På laget sitt årsmøte var det klart for å heidra årets vinnar av Målblomen. Den gjekk til **Merthe Offerdal Tveit** og Offerdal Film.

«I fleire av filmane, særleg dei kortare og meir kunstnarlege, er nynorsk svært viktig. Eg skriv gjerne eit dikt eller ein tekst som eg les inn og som går gjennom heile filmen», seier Merthe Offerdal Tveit i ei pressemelding frå Kvinnherad mållag.

Her fortel ho også at nynorsken har vore sentral i livet hennar sidan ho lærte å skriva. Heilt sidan 1. klasse på Stord, vidare til nynorskklasse i Stavanger, gjennom utdanningsløp i ungdomen og inn i livet som filmskapar. Vi gratulerer!

Varanger Mållag

Varanger Mållag vart skipa i 1976 og har ca. 40 medlemmer frå heile landet. Gjennom åra har mållaget arrangert fleire bokkveldar med besøk av skjønn- og faglitterære forfattarar og journalistar. Det er også Varanger Mållag som har gitt ut heftet *Vadsø-dialekten*, med glimt fra dialektene i Kiby og Ekkerøy av **Hildur Hatlebrekke**.

Tradisjonen tru inviterte Varanger Mållag til feite-tysdagsfeiring i Esbensengården i Vadsø tysdag 13. februar 2024 i samarbeid med Vadsø historielag. Under overskrifta «Varanger sett frå sykkelsetet; med nynorsken som universalverktøy», fortalde journalist **Gunnar Sætra** om eldre reiseskildringar i grenselandet mellom Russland og Finnmark etter at han sjølv hadde tatt sykkelturen frå Vardø til Kirkenes, og om eigne røymsler med å bruka nynorsk som arbeidsspråk.

Det var historisk quiz, servering av rømmegraut, spekemat og anna godt. Ca. 20 framømte hadde ein triveleg kveld i stemningsfulle, historiske lokale! Etterpå heldt Varanger Mållag årsmøte.



Målblome til Åge

Åge Aleksandersen får Noregs Mållag sin Målblome «for å ha gjort trønderisk til hjartespåret og brøytt veg for nye generasjonar av dialektbrukarar.»

– Gjennom ein lang og rik karriere har Åge Aleksandersen vist at det trønderiske talemålet fungerer like godt som noko anna til å fortelje historier for kvardag

og høgtid. Han har sett ord på dei store kjenslene i livet, for folk i heile landet, sa nestleiar i Noregs Mållag, **Synnøve Marie Sætre**, i sin tale til trønderen.

Målblomen vart delt ut torsdag morgon under Nynorsk inspirasjonsdag i Trondheim, som vart arrangert av Trønderlaget og Institutt for lærarutdanning ved NTNU.

Hjelmåsrevyen fekk målpris

– Revyngjengen greier å få fram dei fine nyansane i dialekta, og brukar den krafta som ligg i god dialektbruk, heiter det i grunngjevinga for tildelinga av årets målpris. Prisen vart overrekket under **Alversund Mållag** sin store songkveld, «Håttar du?», i Storstova på Leiknes.

Prisen er tradisjonen tru eit flott diplom laga av Håvard Giezendanner. Ein gjeng frå Hjelmåsrevyen kvitterte med eit sceneinnslag, som var ein festleg hyllest til nynorsken, dialektene og Ivar Aasen.

Nye leiarar og styre

Det er årsmøtetid i Mållaget, og mange lokal- og fylkeslag har fått nye leiarar, nytt styre og mange er blitt takka av. Her er eit knippe val og namn som skal spele ei rolle lokalt for målrørsla i perioden.

Henrik Elman er ny leiar i Tromsø Mållag. Han er 28 år. Tek over etter **Gunnhild Skjold**. Vi takkar Gunnhild for innsatsen, og gratulerer Henrik med vervet!

Randi Før er vald til ny leiar i Vestre Slidre Mållag, i Valdres. Ho tek over for **Marianne Granheim Trøyflat**, som har vore leiar i mange år.

Senjamållaget har fått **Arne Hanssen** som ny leiar. Vi gratulerer!

Astrid Serine Larsen Vetrhus er ny leiar i Varanger Mållag. Ho tek over etter **Rønnaug Ryssdal**, som har vore leiar sidan 1994. Vi takkar Rønnaug for framifrå arbeid i lang tid, og ønskjer Astrid til lukke med vervet!

Audhild Drivdal Frøyland er ny leiar i Tysvær Mållag. Vi gratulerer!

Astrid Marie Grov blei vald til ny styreleiar i Bondeungdomslaget i Oslo på årsmøtet 20. mars. Ho tek over for **Terje Svindseth**.

Hallvor Brunstad er ny leiar i Kristiansand Mållag. Hurra!

Eivind Helleland er vald som ny leiar i Vik Mållag. Bjørnafjorden Mållag har valt **Andreas Hagevik** som ny leiar. Han tek over etter Svein Arne Myhren Tegland. Vi takkar for innsatsen, gratulerer ny leiar med tilliten.

Ny leiar av Indre Storfjord mållag er **Jannicke Tafjord**. Gratulerer!

Målblome for nynorsk

Kari Grindvik fekk Målblomen for sitt arbeid med nynorsk i Ålesund kommune av Borgund Mållag. Grindvik har saman med fleire medverka til at nynorsk har fått ei langt større rolle som dagleg bruksspråk i kommuneadministrasjonen. Borgund Mållag har tru på at det er skapt eit godt fundament som gjer at språknøytralitetsvedtaket for den nye kommunen vil bety at nynorsk vert brukt mykje meir enn i gamle Ålesund, seier lokallagsleiar **Bjørn Arild Hatlem**.

Trønderlaget 125 år

Då Trønderlaget inviterte til jubileumsfeiring, vart det ein kulturkveld vi vil hugse lenge. Det var Trønderlaget, med god hjelp av Levanger Mållag, som stod bak arrangementet i Festiviteten kulturhus på Levanger, byen der Trønderlaget vart stifta i 1899!

På programmet var det forfattarar, språkforskarar og musikarar. Det heile starta med at **Geir Egil Larsen** kalla inn til festen med flotte tonar på luren. Så drog **Verdal juniorspelemannslag** i gang nydelege Juniorvals og andre slåttar med ord og tonar.

Vidare fekk dei innslag av forfattarane **Kari Anne Bye** og **Torvald Sund**, språkforskar **Tor Erik Jenstad** snakka om korleis situasjonen er for den trønderiske dialekten i dag, VG-journalist **Yngve Kvistad** drog dei gjennom dei historiske linene til nynorsk i norsk media, og **Erlend Skjetne** fekk overrekket Trønderlagets målpris 2024 av leiar **Espen Tørset**.

Songar **Runa H. Jenssen** og pianist **Solveig Kolaas** song og spelte songar tonesett av Trønderlagets eigen **Pål Okkenhaug**. Dei avslutta også det heile på ein framifrå måte, med songen Olsok. Yngve Kvistad hadde fleire roller denne kvelden. Han var konferansier, og sydde det heile saman med samtale med aktørane og artige anekdotar.

Med denne festkvelden i Festiviteten, viste Trønderlaget at dei er ein sprek 125-åring. Du verda, vi har mykje å vere stolte av!

Tidlegare på dagen hadde Trønderlaget årsmøte og festmiddag på Nord universitet, som ligg på Røstad. På menyen var det sjølvsgatt innheradssodd og sviskegraut. Nestleiar i Noregs Mållag, **Synnøve Marie Sætre**, heldt ei helsingstale til jubilaranten under middagen.

Ullensvang Mållags pris for godt målarbeid og god målbruk 2023 vert gjeven til **Jon Fosse**.

«Vonar prisen kan inspirera»

■ Jon Fosse (fødd 29. september 1959 i Haugesund), er oppvaksen på Fosse i Strandebarne.

Han flytta til Bergen i 1979 og budde der i rundt 30 år, så på Frekhaug. No bur han delvis også i Statens æresbustad, Grotten i Oslo (frå 2011) og i Hainburg i Austerrike.

I Bergen budde han mellom anna på Nattland, der dei to fyrste romanane hans, «Raudt svart» og «Stengd gitar», vart skrivne. Seinare hadde han husvære i Myrdalskogen i Åsane. Ifylgje han sjølv var det her han treivst best og skreiv best.

I ungdommen spela han gitar i bandet «Coopex», seinare «Rocking Chairs». Han var kjend som ein veldig god sologitarist. Bandeventyret tok slutt då han byrja på Øystese Gymnas i 1975. Etter det studerte han ved Universitetet i Bergen. Han er cand. philol. med hovudfag i allmenn litteraturvitenskap. Jon Fosse har jobba som journalist, litterær konsulent og i 1986 vart han lærar ved det nyopna Skrivekunstakademiet i Bergen.

Han var ein relativt ukjend forfattar i mange år. Men det snudde brått, etter at han på førespurnad frå Den Nationale Scene skreiv spelstykket: «Nokon kjem til å kome». Då nærmast eksploderte det. Og han vart verdskjend og ein av dei mest spela dramatikane i verda.

Han er tildelt over 20 prisar, mellom anna Nynorsk litteraturpris i 1992, 2003 og 2019, og no sist altså Nobelprisen i litteratur.

Han har også fått ei rekkje nasjonale og internasjonale utmerkingar.

Jon Fosse har aldri trykt noko på bokmål. Ved kvart stort høve har Fosse takka språket og dei som brukar det språket han diktar på. Dette skreiv han ein gong i ein artikkel:

«Kvifor skal eg argumentere for at språket mitt og til nokre hundre tusen andre skal få lov til å eksistera? - Det er jo språket mitt, det eg kanskje er mest knytt til her i livet. - Eg er veldig glad i språket mitt. Eg opplever det nedverdige å skulle måtte argumentere for det.»

Jon Fosse har vore aktiv målmann sidan elevmållaget på Øystese Gymnas og har sjølv sagt: «Det var der det byrja.» Han har skrive og brukt nynorsk «heile tida», som han sjølv seier det. Han er den fyrste nobelprisvin-

Prisen

■ Styret for Ullensvang mållag kan kvart år dela ut ein pris for godt målarbeid. Prisen skal vera eit kunstverk eller eit tradisjonsrikt handarbeid med inskripsjon. Prisen er finansiert ved gåve frå Torbjørg Lutro og Signe Lutro.

■ Det står i føresegnene at målprisen kan gjevast til ein person, lag eller føretak som har merkt seg ut som gode nynorskbrukarar, eller på annan måte har fremja norsk målreising.

■ Kunstnaren Mustafa Al Bayati i Kinsarvik har laga prisen i år.

naren som skriv på nynorsk. Og sjølv kallar han den for ein pris til nynorsken.

Kulturredaktør i *Bergens Tidende*, Jens Kihl, er ein av mange som understrekar nettopp verdien denne prisen og Jon Fosse har for målreisinga: «Jon Fosse går heilt i spissen for nynorskoget. Han skriv på eit språk som er så farleg at det framleis er forbode i mange av landets største aviser.»

Elisa Bruvik Sætre skriv i eit innlegg i BT: «Det er fyrste gong på lenge at eg kjenner meg oppriktig stolt over å skriva på nynorsk.»

Etter tildelinga skreiv mellom anna Noregs Mållag at prisen gav målreisinga eit skikkeleg løft. Leiaren Peder Lofnes Hauge legg til: «Det vesle språket har fått den store prisen.»


Verdien av Fosse sin nynorsk og nobelprisen i litteratur merkast også her lokalt. Det har aldri vore lettare å verva medlemmer i Ullensvang Mållag enn no.

Jon Fosse er difor ein svært verdig vinnar av Ullensvang mållag sin målpris. Den 28. i rekkja!

Ullensvang mållag vonar prisen kan inspirera fleire både til å arbeida for målsak og å bruka nynorsk i alle samanhengar.

Ullensvang mållag v/styret

KUNSTPRIS: Endeleg, den 15. mars fekk Jon Fosse sjølv ta imot målprisen frå leiaren i styret i Ullensvang Mållag, Johannes H Sekse. Foto: Dag Rune Mo



MØTE PÅ ROALDS KRO: Jon signerte ein del bøker. (Etter nobelpristildelinga, har han fått minst fem førespurnader om dagen. Han takkar nei til dei aller fleste.)





Målprisvinnarane i Good Time
Charlie gjer stor suksess med barne-
og familieprosjektet **Jubelblues**
på nynorsk og dialekt.

Nynorskblues får borna til å juble

Good Time Charlie

- Bluesband stifta i 1982.
- Har gjeve ut 12 album for både barn og vaksne. Siste utgjeving: Full rulle.
- Jubelblues-konseptet for barn og unge består av Arle Hjelmeland (vokal, munnspel), Einar Olsson (trommer og vokal), Morten Skage (bass), Steinar Karlsen (gitar).
- Platene i Jubelblues-serien er: *Draumeblues og blåsus* (2013), *Jubel og skrubbsår* (2015), *Lakenskrekk* (2018), *Full rulle* (2023)
- Lagar også undervisningsopplegg for barne- og ungdomstrinnet.

VEMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ – Det med språk er berre blitt viktigare for meg med åra. Språk inkluderer og engasjerer – det er spesielt kjekt når vi får med dei aller minste, seier Arle Hjelmeland, låtskrivar og vokalist i bluesbandet Good Time Charlie.

Good Time Charlie blei starta i 1982. Sidan den gong har dei gjeve ut 12 plater, der fire av dei er barne-/familieplater på vestlandsdialekt og nynorsk. Den siste barneplata – *Full rulle* – kom i fjor, og er også den nyaste utgjevinga deira.

Veteranar

Good Time Charlie hadde god suksess allereie frå start. Dei blei lagt merke til av store internasjonale namn innanfor bluesen.

– Då vi starta i 1982, var det heilt andre ting enn blues som var «inn». Vi bestemte oss for at vi skulle læra oss blueshandverket frå då bluesjanganen var på høgda på 40- og 50-talet. Vi blei hyra inn som backingband mellom anna for mentorar som Hubert Sumlin og Lowell Fulson



då dei turnerte i Noreg, fortel Arle Hjelmeland.

– Etter ein konsert på Hulen med Fulson, sa han at han kunne ha gått rett i studio med oss, mimrar han vidare.

Trass i god suksess og ei solid mengde tilhengjarar «der ute», har Good Time Charlie aldri vore på nokon USA- eller Europa-turné. Gjennom fleire Den Kulturelle Skulesekken-prosjekt med utspring i GTC, kan Arle derimot visa til over 1000 skulekonserter, og både konsertane hans og platene til Good Time Charlie har eit breitt nedslagsfelt i alle aldersgrupper, også hjå dei aller minste.

– Vi har halde på i 42 år, men eg har same iveren endå. Det er like kjekt kvar gong vi får folk i publikum med på allsong, fortel Arle.

Arle jobbar mykje med tekstane. Han ønskjer at dei skal vera enkle å syngja med på, då det er dette som gjev best respons hjå publikum. Det er særleg vanleg med ein «syng og få svar» - «call and response»-teknikk på konsertane, ein klassikar innanfor bluesmusikken. Dette slår godt an hjå publikum.



Foto: Ruben Olsen




Hjelmeland er utdanna som bygningsingeniør, men har musikken som hovudgeskjeft. Slik har det vore heilt sidan oppstarten av bandet. Han kombinerer med anna arbeid innimellom.

Gjennombrot med barnemusikk

Suksessen med barnemusikk kom i 1997, då ein coverversjon av «Nede på stasjonen» blei spelt hyppig på radio.

– I 1995 song vi for skular og barn for første gong, då på engelsk. Eg og Johnny Augland turnerte med «Boogie og blues i eit skulehus». «Nede på stasjonen» i 1997 blei eit gjennombrot for barnemusikken vår, og då skjønte eg at her var det noko.

Sidan den gong har Good Time Charlie spelt på alt frå Bergen-Fest, Falturiltu barnebokfestival,





Den norske bokbyen i Fjærland og på Jakob Sande-senteret, til kulturhus og bibliotek.

– I 2013 fekk vi grønt lys for å ta med heile bandet på DKS. Der turnerte vi med Jubelblues-serien, som er det opplegget vi har for born og familiar, mimrar Arle.

– I 2021 sette Kulturtanken i gang eit prosjekt der dei ønskte seg meir nynorsk i den kulturelle skulesekken. Vi søkte og kom med som ein av sju nynorske bidrag med ulike typar kunstnarar og kunstnargrupper. Det var over 70 søkjarar, så det var ganske stas. For vår del inkluderte dette opplegget mellom anna eit godt samarbeid med Guro Kristin Gjøsdal på Nynorsk-senteret i Volda, legg han til.

I byrjinga med DKS-turneane song dei delvis på engelsk og delvis på norsk. Etter kvart gjekk dei over til å ha alt på nynorsk og dialekt, fortel Arle.

– Eg kvidde meg eigentleg for å skriva på dialekt. På 80- og 90-talet var det ikkje så mange som skreiv og song på dialekt. Eg hadde veldig respekt for dei som gjorde det, men eg gjorde det ikkje sjølv. Særleg etter DKS-konsertane, har eg byrja å skriva meir på nynorsk og dialekt.

– Det interessante er at når me hadde tekstar på engelsk og normert norsk, fekk me eit breiare turneområde enn når me berre syng på dialekt og nynorsk. Det er eit tankekross, legg Arle til.

Undervisningsopplegg

I tillegg til å skriva tekster og gje ut plater, gjev Good Time Charlie ut tilhøyrande aktivitetsbøker med tekstane, akkordar og notar og litt om historia til bluesen. På



Foto: Oddleiv Apneseth




Foto: Roy Sunde

den måten kan musikken brukast i undervisinga i skulen i ulike fag. Borna lærer pophistorie og språk samstundes.


– Mykje av musikken ungane høyrer på har jo røter i blues, konstaterer Hjelmeland.

GTC har også laga «syng-med»-videoar til alle songane, som passar godt inn i undervisningsopplegget.

– Vi har arrangert tekstskrivarkurs for ungdomstrinnet. Vi har til dømes brukt klipp og limmetoden, at ein klipper ut ord og sett dei saman til setningar utan å skriva dei sjølv. Då fekk vi også med dei som ikkje var like stødige eller glade i å skriva, til å oppleve meistring.

Arle fortel også at dei fekk elevane til å skriva songtekstar baserte på tekst- og chatmeldingar dei hadde sendt.

– Då kom dei springande og hadde laga lange lister med song-



tekstar, seier Arle Hjelmeland engasjert.

Eit av DKS-prosjekta har også ein song dei kallar «Skulesongen», der borna er med og lagar teksten, og muskarane set melodi til. Her blir konserten avslutta med høg allsong frå stolte elevar.

– Borna skal vera inkluderte, og alle skal vera inkluderte. Vi lyttar til dei og engasjerer, forklarar Arle, som synest det er kjekt å setja i verk dei kreative sidene til borna.

Arle nemner tekst-tradisjonane til bluesen, og at dette er ein måte å læra born å uttrykka seg gjennom musikken på. I tillegg får dei språkmedvit med på kjøpet.

– Eg er frå Førde, så eg syng med ein nynorsknær dialekt. Vi fekk ei flott tilbakemelding frå ein musikk lærar som hadde vist ungane tekstane våre på tavla, og at ungane då innsåg kor nært dei snakkar nynorsk. Det gjev ei aha-

oppleving for mange, at nynorsk ikkje er så vanskeleg.

Arle er veldig oppteken av at borna skal få det beste, og at musikken dei lagar for born, slettes ikkje er noko venstrehandsarbeid. Han skal gje like mykje på barnekonserterne som vaksenkonserterne, og platene skal vere like godt gjennomarbeidde. Det er diverre ein del prosjekt for barn som ber preg av å vere lite gjennomarbeidd, synest Arle.

– Born er veldig tydelege når dei ikkje likar noko, det set høge krav til oss. Når det fell i smak og vi får god respons, har vi oppnådd målet vårt. Vi legg like mykje i barneplatene våre som vaksenplatene og like mykje i konsertproduksjonane, det fortener borna.

Målstildeling gjev inspirasjon

Medlemene i Good Time Charlie vart tildelte Sogn og Fjordane Mållag sin Målpris 2023 «fordi dei lagar fengande musikk for born på nynorsk. Born treng å bli eksponerte for nynorsk, og Good Time Charlie er ei viktig nynorskkrøyst i bornekulturen.»

– Vi er veldig glade for å ha fått denne prisen. Dette er stas å få, fordi vi har jobba så mykje med dette i lang tid.

– Eg er oppteken av at mållaga må legge press på NRK Radio Super for å få meir musikk for barn med nynorske tekstar med nynorske spelister. Her blir det sendt musikk i timevis kvar dag, men svært lite er på nynorsk. NRK Super har mange som arbeider med nynorske video-produksjonar, men eg kjenner ikkje til at dette blir gjort i NRK Radio Super, avsluttar han.



Foto: johan10/Stock

Prioriter Hordaland i bruk av økonomiske midlar!

■ Fram til samanslåinga med Sogn og Fjordane var Hordaland det største nynorskfylket i landet med nær på ein tredjepart av alle nynorskelevane i landet. Av 75 244 nynorskelevar vart 24 346 heimehøyrande i Hordaland i skuleåret 2019/20.

I Vestland fylke bur over femti prosent av alle nynorskelevane i Noreg. Men i motsetnad til i Sogn og Fjordane er nynorsken sterkt truga i Hordaland.

Frå 1992 til i dag har nynorskprosenten i Hordaland falle frå 52 til 38 prosent. Særleg utsett har nynorsk skulemål vore i og omkring Bergen.

For å illustrera tilbakegangen for nynorsk i Vestland fylkeskommune vil me visa til tal frå Nynorsk faktabok 1998 av Ottar Grepstad og e-post frå skulemålsskrivaren i Noregs Mållag, Ingar Arnøy. I 1995 hadde 37 726 elevar opplæring på nynorsk i fylka Hordaland og Sogn og Fjordane medan 24 565 elevar hadde opplæring på bokmål.

Det vil seia at i 1995 hadde 60,56prosent av elevane i det som no heiter Vestland fylke opplæring på nynorsk.

Skuleåret 2023/24 har 36 963 elevar i Vestland fylke opplæring på nynorsk, medan 39 868 elevar har opplæring

på bokmål. Det vil seia at 48,10 prosent av elevane i grunnskulen i Vestland fylke i dag har nynorsk som hovudmål.

I Arna er nynorsk skulemål langt på veg borte. I skuleåret 20/21 var det 13 elevar i tiande klasse på Garnes ungdomsskule som hadde nynorsk som hovudmål. Og desse 13 elevane var truleg blanda i fem eller seks klassar med til saman 146 elevar.

Tala frå Arnøy fortel at skuleåret 2023/24 hadde 18 elevar på Garnes ungdomsskule opplæring på nynorsk. Truleg er dei dei einaste nynorskelevane i Bergen kommune.

I dei gamle Norhordlandskommunane Meland og Lindås er nynorsken i faresona, og endå meir utsette er områda vest for Bergen. Der rasar nynorsk ut or skulen. Dette gjer seg m.a. utslag i at berre fire prosent av elevane på Sotra

vidaregåande skule har nynorsk som hovudmål. Sotra vidaregåande skule er nærskulen til elevane i dei gamle kommunane Sund, Fjell og Øygarden som no er slegne saman til «nye» Øygarden kommune med 39 032 innbyggjarar.

Mykje tyder på at nynorsken vil få same lagnaden i Øygarden som han fekk i Arna. I Arna var det så seint som i 1976 76 prosent av elevane som fekk opplæring på nynorsk.

Øg i Bergen har nynorskprosenten falle frå seks til ein prosent dei siste tjue åra. For å demma opp mot dette sterke bokmålspresset trengst det medvite og strategisk målarbeid.

For å stø opp om dette arbeidet meiner Odda Mållag at Hordaland treng minst ei administrativ stilling som kan vera eit operativt nav og ein praktisk koordinator. Det må liggja føre

ei gjennomarbeidd skildring av arbeidsoppgåver før stillinga vert utlyst, slik at søkjarane veit kva dei søker på, og styra, regionalt og nasjonalt, har noko å evaluera arbeidet ut frå.

Finansieringa av stillinga må i hovudsak vera gjennom overføring frå Noregs Mållag, m.a. som ein del av statsløyvinga som i 2022 var på 6 290 000 kr og med eigne målgåvebrev.

Kanskje bør fylkesmållaget i Sogn og Fjordane trø støttande til. I mangt og mykje står målarbeidet i Sogn og Fjordane i eit lagnadsfelleskap med målarbeidet i Hordaland.

Det kunne og vera ein tanke at fylkesmållaga i Hordaland og Sogn og Fjordane slo seg saman. Eit argument er at ein då stod mykje sterkare overfor fylkeskommunen.

For ikkje alt er som det skal vera i dei vidaregåande skulane, og då er det viktig at nynorskfolket i Vestland fylke kan tala samstemt.

Målfolk over heile landet må sjå kor viktig Hordaland er for nynorsk som eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg. Og dette må få konsekvensar for korleis midlane i Noregs Mållag vert brukte.

**Knut O. Dale
og Harald Jordal**

“ **Målfolk over heile landet må sjå kor viktig Hordaland er for nynorsk som eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg. Og dette må få konsekvensar for korleis midlane i Noregs Mållag vert brukte.**

Nytt regelverk for universitet og høgskular

1. august i år får nær 300 000 studentar og 43 000 tilsette ved universitet og høgskular over heile landet eit nytt, meir forståeleg og tilgjengeleg regelverk.

■ – Eg er glad for at Stortinget no har vedtatt den nye universitets- og høgskulelova. No styrkjer vi vernet av den akademiske fridomen, og vi får mellom anna nye og betre reglar for eksamenssensur, fusk, mellombelse stillingar og nedlegging av studiestader, seier forskings- og høgare utdanningsminister Oddmund Hoel (Sp).

8. mars vart den nye lova sanksjonert i statsråd. I dag får alle universitet og høgskular i landet eit brev frå Kunnskapsdepartementet med føringar om korleis dei skal følgje opp den nye lova:

- No går marsjordren til alle universitet og høgskular i landet. Dei har ein jobb å gjere med å setje seg inn i nye reglar, tilpasse seg den nye lova og samkøyre praksis på tvers av institusjonane. Vi vil ha tett dialog med universiteta og høgskulane om dette framover, seier Hoel.

20 år sidan sist

Alle universitet og høgskular i Noreg er regulerte av universitets- og høgskulelova. Det er omtrent 20 år sidan det vart gjort ei heilskapleg vurdering av lova, og sidan den gong har lova vorte endra ei rekkje gonger. No er heile lova for første gong på lenge gått gjennom. Forarbeida til den nye lova inneheld rettleiing og informasjon om tolking til alle reglane, og vil derfor bli eit viktig oppslagsverk for sektoren.

Dei viktigaste endringane Nedlegging av studiestader er ei politisk avgjerd

I dag er det universiteta og høgskulane sjølve som avgjer om dei vil leggje ned studiestader. Dette ønskte regjeringa å endre på, og i den nye lova er retten til å vedta nedlegging av studiestader lagt til Kongen i statsråd.

Tydelegare reglar for fusk

For å leggje til rette for ein meir nyansert praksis i fuskesak, gjev den nye lova avklaringar og føringar om fusk. Mellom anna blir det



MEIR NORSK: Blant tiltaka frå regjeringa er det krav om meir norsk i undervisinga og styrkte rettar til å skriva norsk på eksamen og vitenskaplege oppgåver. Foto: Shekko/Wikipedia

no ei meir nyansert tilnærming til såkalla «sjølvplagiat», altså gjenbruk av eige arbeid. Gjenbruk av upublisert arbeid, og arbeid som ikkje har gjeve uttelling, skal etter den nye lova ikkje reknast som fusk.

Strammar inn reglane for mellombelse tilsetjingar

Bruken av mellombelse stillingar i universitets- og høgskulesektoren er høgare enn i norsk arbeidsliv elles. Tal frå SSB viser at mot slutten av fjoråret var 8,4 % av den samla arbeidsstyrken i landet mellombels tilsette, medan 10,5 % av dei tilsette ved universitet og høgskular var mellombels tilsette. Det er i undervisnings- og forskingsstillingane at det er flest mellombels tilsette.

I den nye universitets- og høgskulelova er det gjort endringar og presiseringar i reglane om norsk fagspråk. Lova slår mellom anna fast at undervisningspråket i høgare utdanning i Noreg er norsk eller samisk, og at unntak frå dette kravet må ha ei tydeleg fagleg grunngeving.

Styrkt vern om akademisk fridom

I 2022 kom utgreiinga frå utvalet som såg på vilkåra for akademisk yringsfridom i Noreg. Kierulf-utvalet peika på fleire moglege trugslar ovanfrå, nedanfrå, innanfrå og utanfrå akademia, og slo fast at kvar for seg og samla utgjær desse typene av trugslar mot sanningssøking og akademisk yringsfridom ei stor samfunnsutfordring. No har Stortinget etter forslag frå regjeringa, vedteke fleire presiseringar som følgjer opp tilrådingane frå utvalet.

Styrkjer norsk fagspråk

Dei siste åra har stadig meir undervisning og forskning ved universitet og høgskular gått føre seg på engelsk. Regjeringa vil at norsk framleis skal vere eit fullverdig og samfunnsberande språk i Noreg. Derfor la regjeringa i fjor fram ein ny handlingsplan for norsk fagspråk i akademia.

To sensorar på eksamen

Det var stor motstand blant universiteta og høgskulane mot

kravet om to sensorar ved alle eksamenar, som vart føreslege av Solberg-regjeringa og vedteke i 2021. Kritikken har mellom anna gått på at det vil bli svært ressurskrevjande og vanskeleg å gjennomføre i praksis. Derfor utsette regjeringa iverksetjinga, og etter forslag frå regjeringa har Stortinget no vedteke ei løysing som skal gje betre ressursbruk og som stiller strenge krav til sensuren på dei store eksamenane.

No skal det vere to sensorar ved sensur av:

- ◆ bacheloroppgåva eller liknande sjølvstendige arbeid på lågare grad
- ◆ eksamenar som åleine utgjær 15 studiepoeng eller meir
- ◆ ikkje-etterprøvbare eksamenar, slik som munnleg eksamen og eksamenar i utøvande kunst

Tusen takk! Mellom 31. januar og 21. mars fekk Noregs Mållag 321 243 kroner i gåve. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. **Takk!**

**MÅLGÅVE
MED VIPPS:
90540**

AUST-AGDER MÅLLAG

Scott Aanby
Torbjørg Berg
Liv Breivegen
Reidun Gilje
Jon Olav Gryting
Gunhild Nybø Hagane
Aud Åsen Haugsgjerd
Johannes Havstad
Olav Hoftuft
Gerd Fosse Hovden
John Gustav Johansen
Roy William Johansen
Ragnar Kaasa
Jorunn Lande
Ingebjørg Laustad
Jon Kolbjørn Lindset
Gunvor Løvdal
Kari Hagelia Olstad
Sigrid Bjørg Ramse
Johannes G. Torstveit
Rønnaug Torvik
Helge Ove Tveiten
Olav Vehus
Jens Vellene
Olav Torj Åkre

AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge
Brynjulv Aartun
Syver Berge
Ole Bjerke
Anders Bjørge
Arne Bjørnstad
Jon Steinar Bredeveien
Susanne Ramstad Brenna
Ivar Bungum
Olav Bø
Marte Egge
Ingvild Marie Eknes
Mathias Finsveen
Reidun Formo
Tordis Irene Fosse
Kristin Fridtun
Kjell Gulbrandsen
Ole Hagen
Olav Haraldseid
Trond Harkjerr
Magnhild Harsheim
Gaute Elvesæter Helland
Odd Reidar Hole
Bjarte Hole
Kari Hølmo Holen
Per Hvamstad
Gunn Strømsøyen
Hvamstad
Kåre Idsø
Helen Johannessen
Dag Johansen
Helene Strand Johansen
Ola Jonsmoen
Håvard Kleiven
Harald Kleppe
Inger Margrethe Kyllingstad
Anders Jan Larsson
Tove Henny Lehre
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Anne Midtbø
Inger Margrete Myhre
Asbjørn Myrvang
Øyvind Nordli
Jøgrim Nordsetten
Odd Arne Nustad
Jørgen Nørstegard
Liv Eva Preststulen
Oddvar Romundset
Tone Rui
Jørn Rødølen
Ivar Schjøberg
Egil Skullerud
Arne Skuterud
Nils Steinar Slapgård
Liv Solheim
Lars Ullgren
Åse Grønlien Østmoe
Bjarne Øygarden

BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam Aarset
Niri Baklid
Tor O. Bergum
Steinar Berthelsen
Herbjørn Brennhovd
Per Drablos
Ingerid Elverum
Hans-Ove Grostølen
Ole Grov
Björg Kari Brattåker
Håheim
Lars Erik Jacobsen
Frode Kinserdal
Kristin Lindberg
Klaus Lågøy
Oddrun Murud
Gro Randen
Øystein Rosse
Ola Ruud
Kirsten Skarlund
Odd Skarsgard
Kjell Snerte
Sigrun Solheim
Grethe Sollien
Torun Torsteinsrud
Sigurd Tveito
Inge Velle
Øystein Velure
Anders Olav Vøllo

FYLKESMÅLLAGET VIKVERINGEN

Bergfinn Aabø
Ruth Amdahl
Børre Austmann
Reidar Bjørnerheim
Erlend Bleie
Martin Ingvald Blindheim
Ove Knut Bolset
Reidar Borgstrøm
Kari Hjørdis Brandal
Björg Brygmann
Karen Bø
Gudrun Maria Vetleseter
Bøe
Tormod Bønes
Kari de la Cour
Harald Dyrkorn
Åsulv Emland
Hans Olav Eggestad
Tove Karina Eidhammer
Bård Engevik
Kirsten Osmo Eriksen
Brit Ragnhild Øydna
Fisknes
Jon Fosse
Tor Gabrielsen
Ingvild Garborg
Tom Kristian Grimsrud
Bernt Hagtvet
Karl S. Halse
Ola M. Heide
Mildrid Helland
Sigrun Heskestad
Audun Heskestad
Ragnhild Hoel
Kjetil Torgrim Homme
Johannes Hope
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit
Ingeborg Hauge Høyland
Øystein Jetne
Dagrun Kvammen
Gunhild Kvålsgard
Per Olav Lande
Edvard Lauen
Tor Einar Ljønes
Helge Lorentzen
Trond Øivindsson Lunde
Anders Lunnan
Lars Meling
May Johanne Molund
Per Helge Mork
Arnold Mundal
Finn Måge
Johan Nedregård

Sylvi Penne
Anne Perstølen
Alain Egil Adrian Ramdal
Yngve Rekdal
Asbjørn Roaldset
Gunnar Rusten
Kari Rysst Seemann
Olav R. Skage
Gunnvor Fykse Skirbekk
Synnøve Skjong
Sigrid Skålnes
Sigrid Solheim
Agnete Strand
Einar Strømnes
Oddmund Svarteberg
Bent Arne Sæther
Jostein Sønnesyn
Halvor Tjønn
Hans Tokvam
Øystein Tormodsgard
Audun Orten Trovåg
Steinar Tveitnes
Johan Kristian Tønder
Odd Henning Unhjem
Ivar Vasaaen
Werner Vesterås
Maj Volden
Per Ivar Vaagland
Arne Wåge
Kristen Øyen

HORDALAND MÅLLAG

Svein O. Aadland
Olaf Almenningen
Solveig Almås
Eldbjørg Ekeberg
Andersen
Arne Andersen
Ingvard Andreaassen
Arnfinn Jørgen Ansok
Håkon Askeland
Terje Aukland
Arild Berge
Veslemøy Berge
Kristen Bergsvik
Ansgar Bjelland
Reidun Bjørnberg
Dag Bjørnevoll
Solveig Bjørsvik
Lars O. Bleie
Solfrid Borge
Oddbjørn Borge
Trond Botnen
Arne Brattabø
Tor Brattebø
Reidar Bremerthun
Bjarte Brundtland
Endre Otto Brunstad
Jostein Buene
Helge Buer
Aud-Sissel Bøe
Åse Christophersen
Vigdis Digernes Dahl
Reidar Dale
Arve Dale
Astrid Dale
Kristian Djuvland
Inge Draugsvoll
Jenny Dugstad
Torbjørn Dyrvik
Randi Engelsen Eide
Eli Roseth Eik
Liv Cecilie Sæbø Eik
Bjørgulv Johan Eik
Eirik Ingolf Eldøy
Yngve Endal
Brynild Enerhaug
Jarle Fanebust
Rune Fjeld
Bergit Utne Fjelde
Astrid Anne Fjeldstad
Sverre Fjell
Tormod Følgerø
Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Knut Martin Fylkesnes
Bjarte Gjellesvik

Hans Gjerde
Paul Kåre Gjuvsland
Lars Gjøstein
Solveig Grønlien
Anders Hallanger
Anne-Lise Halveg
Kirsti Handeland
Johnny Handeland
Lars Ove Olafsson Harnes
Åshild Hauge
Svein Heggheim
Bjarte Helle
Kristian Helle
Øyvind Hellesnes
Arnfinn Hellevang
Aslak T. Helleve
Knut Johannes Helvik
Linn Hjartnes Henjum
Jan Kåre Henriksbø
Kåre Herfindal
Robert Hermansen
Kjartan Hernes
Britt G. Trefall Hernes
Marit Hjartåker
Eivind Hjelle
Anbjørg R. Hjeltestad
Anne Margrete Hjemdal
Kåre J. Hole
Grete Oline Hole
Karl Johan Holmås
Karl Hope
Arnfinn Hopland
Helge Hopland
Geir Instanes
Johanne Telnes Instanes
Sniolvur Joanesarson
Ole-Jørgen Johannessen
Ingvild Jøsendal
Randi Jåstad
Åse Marit Kalhovd
Geir Kleiveland
Agnar Kleppe
Ståle Kolbeinson
Anna Aakre Kråkevik
Trygve Kråkevik
Magne Kvæven
Åsta Kårevik
Ane Landøy
Torfinn Langelid
Caroline Lehmann
Ingebjørg Synnøve Lekve
Torgrim Ljones
Arve Lothe
Marit Merete Lunde
Kjellaug Lundestad
Harald Lundestad
Torun Lyssand
Torstein Lønning
Frode Mannsåker
Paul Markhus
Margunn Rydland
Melkersen
Torlaug Eitrheim Midtbø
Anne Marie Midtbø
Leif Bjørn Monsen
Lillian Morvik
Jostein Mykletun
Einar Myster
Nils Mæhle
Gunnlaug Møen
Eldbjørg Møllerup
Johannes A. Måge
Bjørg Odlaug Måge
Marit Nedreli
Arne Olav Nilssen
Øyvind Nitter
Bjørn Egil Nordland
Else Helen Nornes
Cecilie Eikås Nygård
Helge Martin Nygård
Egil Nysæter
Nils Nyteit
Gunnvor Eggebø Næss
Jorunn Odland
Ivar K. Olde
Odd Jøran Oldervik
Astrid Olsen
Agnar Omvik

Åse Opheim
Anfinn Otterå
Olai Otterå
Kjell Paulsen
Jarle Pedersen
Johnny Ottar Pedersen
Jan Reidar Rasmussen
Astrid Oddbjørg Reigstad
Berit Reinsaas
Borgny Reisæter
Lars Riise
Guttorm Rogdaberg
Gudrun Rosseland
Inger Marie Saltnes
Mette Samdal
Solbjørg Åmdal Sandvik
Helge Sandøy
Heidi Seilfaldet
Johannes H Sekse
Lars Sekse
Ingebjørg J Sekse
Mons Ole Dyvik Sellevold
Leiv Magne Sivqveld
Bjarne Skarestad
Olav Skeie
Olav Johannes Skeie
Gunnar Skirbekk
Arne Skjervén
Atle Skorpen
Harald Skorpen
Anne Marie Skurtveit
Knut E. Skåla
Kaare Skaala
Kari Smith
Erling Småland
Turid Solberg
Harry Solberg
Ragnhild Edith Solvang
Idar Stegane
Arjen L H Stolk
Gerhard Inge Storebø
Nelly Storebø
Helge Storebø
Thea Sunde
Rolf Sigmund Sunde
Åshild Sveinsgjerd
Jon Sværen
Ingebjørg Dønhaug Sæbø
Olav Søfteland
Olav Sønnesyn
Øyvind Teigen
Johannes Teigland
Johan Torekoven
Torgeir Torvik
Odd Træbakken
Harry Tunestveit
Hans Tveit
Harald Ulland
Oddbjørg Ulveseth
Sjur Uppheim
Terje Gerhard Valen
Brit Valland
Anna K. Valle
Rigmor Nesheim Vaular
Amund Velure
Randi Vengen
Guri Vesaas
Aud Liv Hole Vike
Inger B. Vikøren
Ingebjørg Viste
Egil Vaage
Agnes Råket Vågslid
Lars Arve Worren
Hanne Yndestad
Oddny Espeland Ystanes
Samson L. Øpstad
Nils Ivar Østerbø
Helga Nygaard Øverland
Marit Åkre

KARMSUND MÅLLAG

Steinar Aalvik
Sigurd Steen Aase
Asbjørn Djuv
Svein Ove Duesund
Anne-Ma Eidhammer
Asbjørn Eik-Nes
Dorthea Sofie Erøy

Grete Fedøy
Lars Kjetil Flesland
Kirsti Gilje
Olav Torfinn Jondahl
Svend Kjetland
Tone Kringeland
Solveig Lunde
Kjersti Markhus
Liv Tesdal Mjelde
Lars Mo
Agnar Ståle Naustdal
Bjørn G Nedrebø
Lars Gunnar Oma
Geir Ragnhildstveit
Helga Reinertsen
Trygve Sandvik
Knut Selsaas
Olav Magne Skigelstrand
Njål Steinsland
Ernst Arne Sælevik
Knut Tungevik
Inghart Lasse Tveit
Åsmund Vinje

NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim
Arne Buene
Svønn-Egil Knutsen Duolljá
Jan Hana
Tore Moen
Ståle Paulsen

NORDMØRE MÅLLAG

Aksel Aarflot
Oddveig Olava Marie Øren
Aldal
Jon Kristian Aune
John O. Dønheim
Marie Flemseter
Sverre Hatle
Johan Sigmund Heggem
Kari Sigrid Roset Holten
Jon Samuel Håbrekke
Tora Kjelleberg
Ingrid Kjønny
Liv Klaksvik
Jorunn M. Kvendbø
Øyvind Lyngås
Oddvar Moen
Tove Mogstad
Henry Opland
Terje Ramsøy-Halle
Rolv Sæter
Elen Maria Todal
Eirik S. Todal
Per Utne
Kirsti Orheim Ås

ROGLAND MÅLLAG

Gunnleiv Aareskjold
Audun Aarflot
Torstein Aartun
Sigmund Andersen
Asbjørn Ask
Lars Egil Bakka
Johannes Bakka
Roald Bergsaker
Ola Birkeland
Per Aksel Birkeland
Bjarte Birkeland
Ingebrigt Botnen
Trygve Brandal
Geir Sverre Braut
Kirsten Marie Bue
Jan Egil Byberg
Alf Jan Bysheim
Gerd Helen Bø
Berit Blikra Egeland
Ellen Einervoll
Ruth Einervoll
Lars Olav Fatland
Åse-Berit Fidjeland
Ingrid Fiskaa
Oddvar Flatabø
Per Fløysvik
Ove Harald Fossen
Otto Laurits Fuglestad
Ingrid Gjesdal

Endre Gjil
Sølvi Ona Gjøl
Sigve Gramstad
Egil Harald Grude
Ranveig Gudmestad
Harald Hadland
Erik Severin Hagesæther
Bjørn Jarmund Harestad
Liv Hauge
Inge Haugland
Sverre Haver
Nils Nikolai Haugen
Havrevoll
Astrid Heigre
Torleiv Helland
Halvard Helseth
Tom Hetland
Kjell Birger Hetlelid
Rasmus Hidle
Liv Hoberstad
Arvid Horpestad
Jane Valaker Høgalmen
Arna Høyland
Odd Arne Jakobsen
Carl Aasland Jerstad
Anne Martha Kalthovde
Steinar Kjosavik
Jens Kleppa
Magnhild Meltveit Kleppa
Tore O. Koppang
Nils Ingvar Korsvoll
Reidar Kydland
Hallgeir Langeland
Mikkel Lid
Tor Henrik Lind
Arne Lynghjem
Bjørn Moe
Hildegunn Nesheim
Ingjerd S. Nicolaysen
Lise Lunde Nilsen
Øyvind Nordsletten
Pernille Nylehn
Kjellaug Sølberg Oftedal
Ingvar Olimstad
Leiv Olsen
Inger Skretting Opstad
Åshild Osaland
Marit Osland
Stein Pettersen
Esther Ndayizeye
Phillibert
Hjørdis Ravnås
Oddbjørn Reime
Torleiv Robberstad
Audun Rosland
Magne A. Roth
Atle Røe
Torhild L. Rørheim
Rolf Salte
Frode Sandve
Eli Seim
Jostein Selvåg
Ingeborg N Skjærpe
Martin Skrettingland
Kåre Skår
Hanna Småmo
Målfrid Snørteland
Tom Soma
Torgeir Spanne
Hans Spilde
Marit Rommetveit
Staveland
Audun Steinnes
Inga Stokka
Inge Kristian Sunde
Margoth Sundsbø
Odd Sigmund Sunnanå
Brit Harstad Sværen
Dagfrid Søyland
Svein Kåreson Søyland
Tora-Liv Thorsen
Erling Thu
Oddrun Tjeltveit
Kurt Tunheim
Aslaug Marie Undheim
Kjellaug Undheim
Jone Vadla
Knut Vadla
Ottar Vandvik
Sigbjørn Varhaug
Astrid Apalset Vassbø
Arve Vedvik
Audun Vevatne
Atle Ingar Vold
Ketil Volden
Viggo Østebø

ROMSDAL MÅLLAG

Henning Austigard
Dagrun Gjelsvik Austigard
Målfrid Bakken
Harald Baldersheim
Asbjørn Baldersheim
Petter Inge Bergheim
Torbjørn Bruaset
John Ekroll
Torhild Hanem
Kåre Magne Holsbøvåg
Harald Krøvel
Tor Kvadsheim
Anne Marit Riste
Kjersti Tyingvåg Rogne
Sven Erik Skarsbø
Per Arne Skomsø
Jakob Stavik
Lars Vassli
Øystein Øye
Roald Øygard

SOGN OG FJORDANE MÅLLAG

Magne Peder Svein Aardal
Lise Aasen
Venke Bakken
Emma Bale
Gerd Barmen
Otto Fabian Herman
Bergqvist
Bente Kvernevik Berstad
Olaug Marie Bjelde
Ole Georg Blikås
Gunhild Børtnes
Torkjell Djupedal
Tryggve Dyrvik
Tor W. Eikemo
Gjertrud Eikevik
Andre Eilertsen
Kjell Erik Eldegard
Eldbjørg Stegane Engebø
Norvald Finreite
Inger Eikeland Flåten
Sverre N. Folkestad
Rigmor Frøyen
Ottar Færøyvik
Annbjørg Førde
Asbjørn Geithus
Håkon S. Giil
Sigrid Gjelsvik
Arne Gjeraker
Marie Godø
Magnhild Gravdal
Dagfrid Grepstad
Helene Margrethe
Hagenes
Oddlaug Hammer
Audun Hammer
Margit Hovland Hamre
Hans Haugen
Oddstein Haugen
Bjarne Havro
Jon Heggheim
Astrid Jorunn Henden
Inger Hilde
Helga Hjetland
Ragnar Hove
Nils Husabø
Målfrid Husnes
Knut Andreas Hågvar
Toril Jakobsen
Ingunn Kandal
Odd Kinden
Lars Kjøde
Ola Kjørstad
Gunnar Kjørvik
Kirsten Gram Kristiansen
Aage Kvendseth
Hildegunn Kvistad
Bjarne Kaarstad
Bjørn Ladehaug
Øystein Lavik
Anne Sofie Ljøsne
Rune Lotsberg
Sigrunn Lundestad
Svein Lundevall
Jan Helge Løvik
Pauline Midtun
Terje Erik Moe
Knut Moen
Ragnhild Skogen Molde
Maryan Georgsdotter
Mundal
Knut Ole Myren
Olav Nedrebø
Olav Nese
Gunnvor Ness

Julie Kristine Ness
Astrid Marie Nistad
Odd Njøs
Stein Bugge Næss
Per Scott Olsen
Kari Melheim Ottesen
Jon Ramstad
Oddbjørn Ramstad
Sæmund Kjetil Rindal
Jostein Risa
Erna Romøren
Signe Marie Rønnekleiv
Bjørn Rørtveit
Margot Sande
Laila Hov Sandnes
Marta Kari Schawlann
Anders Skarestad
Einar Skeie
Knut Atle Skjær
Inghild Sleire
Gudmund Smådal
Annlaug Sognnes
Synneva Kolle Solheim
Kirsti Solheim Stegane
Henrik Stokkenes
Irene Stokker
Magn Jarl Stubhaug
Sigrid Svartefoss
Gunnhild Systad
Jorunn Systad
Leiv Sølberg
Ståle Sørbotten
Herfinn Takle
Ivar Jostein Tjugum
Oddfrid Vereide
John Elling Vereide
Jorunn Veseth
Lars Øyvind Vikesland
Oddhild A. Voll
Sverre Volle
Jarl Yndestad
Liv Østrem
Magni Øvrebottn
Vidar Åm

SUNNMØRE MÅLLAG

Arild Aanes
Inger Aarflot
Ottar Aashamar
Torstein Paul Aksnes
Kristian Almås
Laila Bastesen
Liv Bersås
Sigmund Bjerkvik
Berit Bjørlo
Sverre Bjåstad
Hilde Brønne
Ole Arild Bø
Jan Magne Dahle
Norunn Margrethe
Dimmen
Steinar Dimmen
Atle Døssland
Marit Veiberg Eide
Heidi Fagna
Knut Falk
Ann Britt Våge Fannemel
Jørund Fet
Petra Folkestadås
Magnar Furset
Gunn Berit Gjerde
Tore Gjære
Arne G. Grimstad
Øystein Grønmyr
Elisa Giskedegård
Hareide
Severin Haugen
Ingunn Haus
Jan Heltne
Jorunn H. Henriksen
Kirsten Hundvebakke
Astri Hunnes
Reidun Hunnes
Ingrid Runde Huus
Jakob O. Kjersem
Terje Kjøde
Jostein Korsnes
Stein Olav Kvalø
Einar Landmark
Annlaug Leine
Rasmus Longva
Johanne Moltu Lundberg
Olav Lynge
Sølvi Woldund Myrhol
Trine Naadland
Lars Omenås
Bjørnar Osnes
Britt Oterholm

Vidar Parr
Olav Kjell Pileberg
Lillian Ramnefjell
Karl Ramstad
Oddbjørg Remøy
Solveig Eldrid Risbakk
Olga Støylen Runde
Gunder Runde
Magnar Rønstad
Grethe Østerhus Røyr
Mariann Schjeide
Else Synnøve Skarbø
Marit Karlsen Skjong
Sindre Skurtveit
Jarle Solheim
Endre Standal
Nils I. Taklo
Geir Steinar Tandstad
Asbjørn Tryggestad
Rolv Ukkelberg
Randi Flem Ulvestad
Jorunn Våge Vestnes
Åse Irene Vestre
Eldrid Vik
Sveinung Walseth
Bastian Weiberg-Aurdal
Knut Ytterdal
Øyvind Østvik
Ragnhild Ørstavik Øye
Kjell Arne Årseth

TELEMARK MÅLLAG

Sveinung Astad
Lars Bjaadal
Halgeir Brekke
Halvor Dahle
Tjøstov Gunne Djuve
Olav Rune Djuve
Olav Felleid
Sigrid Fonnlid
Oscar Johan Garnes
Hans Magne Gautefall
Torgeir Grimstveit
Asbjørn Nes Hansen
Kristian Ihle Hanto
Ingebjørg Hanto
Svein Hauge
Øystein Høgetveit
Hallgrim Høydal
Margit lms
Josef Killi
Arne-Birger Knapskog
Eilert Kvernes
Kjetil Langåsdaalen
Halvor Løken
Tove Løyland
Sigrun Garvik Moen
Olav Mosdøl
Sigrid Marit Finnseth
Nykos
Jakob Olimstad
Inger Helene Olsnes
Håvard Russnes
Kari Rustberggård
Anne Ingebjørg Ruth
Børre Rønningen
Åste Råmunddalen
Per Skaugset
Margit Ryen Steen
Kristin Stensholt
Alv Halvor Strømstøyl
Mette Sveinsen
Olav Teigen
Olav Teigland
Olav Tho
Anne Elise Thorvaldsen
Torkjell Tjønn
Alf Torbjørn Tveit
Kari Tveit
Borgny Slettemoen Tøfte
Margit Verpe
Einar Versto
Kjell Vistad

TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

Nils Aarsæther
Øystein Omar Aas
Bente Benjaminsen
Odd Borch
Terje Christoffersen
Terje B. Dahl
Nils Dannemark
Sveinung Eikeland
Bjarne Eilertsen
Karl Ragnar Engstad
Torgeir Engstad
Ole-Bjørn Fossbakk

Lillian Bernes Hay
Kjell Heggelund
Olav Gaute Hellesø
Olaug Husabø
Olaug Terum Kvitberg
Ellen Skjold Kvåle
Erik Lemika
Tyra V. Mannsverk
Reidun Mellem
Oddrun Molvik
Valborg Myklebust
Atle Måseide
Ole Edgar Nilssen
Ove Edgar Orvik
Gerdt Sivertsen Prestegard
Guro Reisæter
Ingrid Russøy
Sunniva Skålnes
Anne Marta Steinnes
Greta Tjelle
Birger Vang
Karin Vrålstad

TRØNDERLAGET

Reidar Almås
Egil Ingvar Aune
Eli Aune
Randi Avelsgaard
Håvard Avelsgaard
Kjell Bardal
Ivar Berg
Toralf Bjelkåsen
Arvid Bjørgum
Karl-Ove Bjørnstad
Olaug Denstadli
Knut Fagerbakke
Ola Stuggu Fagerhaug
Tore Fagerhaug
Svein Arild Fjeldvær
Margit Flakne
Asbjørn Folkvord
Arne A. Frisvoll
Størker Garberg
Ingebrigt Garberg
Anders Gjelsvik
Jon Grønliid
Anders Gustad
Ivar Sv. Hanem
Marit Hatlelid
Liv Haugen
Herlaug Hjelmbrække
Knut Holmen
Ola Huke
Kristian Hveem
Sigrid Haavik
Inger Sandvik Jarstein
Åke Junge
Ingvild Årøen Lein
Kirsti Årøen Lein
Bjørn Lund
Kirsti Mandal
Lars Kolbjørn Moa
Håvard Moe
Tore Moen
Magne Måge
Ingrun Norum
Idar Næss
Karl Fredrik Okkenhaug
Solveig Otlo
Herman Ranen
Kristian Risan
Helge Rypdal
Rutt Olden Skauge
Oddny Pauline Skeide
Ingebjørg Sogge
Tor Stallvik
Odd Sigmund Staverløkk
Svein Bertil Sæther
Sverre Sævareid
Jan Sørås
Torbjørn Tranmæl
John Tveit
Harald Vik-Mo
Ann-Merethe Voldund

Herman Leite
Bjørn Lerhol
Anders Lunde
Torodd Lybeck
Brita Siri Nesja
Nils Presthegge
Nils Rogn
Nils Petter Røed
Marit Råheim
Oddbjørn Skeie
Ragnhild Solberg
Anders Sæteren
Åse Viken
Ingrid Wangensteen
Kari Bø Wangensteen
Ambjørg Westerheim
Berit Matre Ødegaard

VEST-AGDER MÅLLAG

Eldrid Arne
Tove Berulvson
Anne-Berit Erfjord
Randi Lohndal Frestad
Øyvind Grov
Ole Steffen Gusdal
Berit Fiskaa Haugjord
Magne Heie
Olav Torgny Hårtveit
Oddvar Jakobsen
Alf Georg Kjetså
Inge Klepsland
Lars Kristian Larsen
Inga Lauvdal
Kirsti Lavold
Solveig Stallemo Lima
Målfrid Lindeland
Tom Arnt Lindeland
Kåre Messel
Jan Arve Røiseland
Nils Salvigsen
Birgit Stallemo
Nils Harald Stallemo
Asbjørn Stallemo
Eva Haugen Sørgaard
Oddvar Sørli
Vidar Toreid
Aslaug Verdal
Gunnar Vollen
Ivar Åmlid

ØSTFOLD MÅLLAG

Kjetil Aasen
Asgeir Bjørkedal
Ole Johan Bjørnøy
Eldrid Fjalestad
Benthe Kolberg Jansson
Kari Ruud Johannesen
Kjell Karlsen
Per Thorvald Larsen

YRKESMÅLLAG

Kjellfrid Bøthun
Morten Elster
Elise Sundfør Erdal
Kristian Hagestad
Sissel Hole
Eirik Holmøyvik
Eirik Holten
Kari E Huus
Kjell Harald Lunde
Arne Exner Nakling
Borge Otterlei
Linda Plahte
Frode Ringheim
Karl Inge Rotmo
Terje S. Skjerdal
Haldor Slettebø
Lars Helge Sørheim
Harald Thune
Turid J. Thune
Anne Margrethe Tveit
Sigrid Tyssen
Birger Valen
Vidar Ystad

BEINVEGES INNMELDE

Marit Einrem
Torstein Finnakk
Knut Følstad
Egil Andreas Helstad
Sverre Kulstad
Kjellaug Larsen
Gro Einrem Volseth

■ **kviss** • Audun Skjervøy

- 1 Kva forfattar har gitt ut kriminalromanar under pseudonyma K. Villum og K. Villun?
- 2 «Vi skal ikkje sova burt sumarnatta», oppmoda kva forfattar?
- 3 Og kven skreiv melodien til den same visa?
- 4 Kva kjend diktar gav i 1842 ut den vesle diktsamlinga Langeleiken på «Dølemaal»?
- 5 Kva blir rekna som den vanlegaste fuglen i Noreg?
- 6 Kvifor blir kvalar som grønlandskval og nordkaper kalla rettkvalar?
- 7 Beyoncé har slått strøymerekordar med eit nytt køntrialbum – kva er tittelen på albumet?
- 8 Kva artistar skal framføre låten «Unforgettable» i Eurovision Song Contest i mai?
- 9 Filmen Dune rullar på kinoane for tida. Kva heiter forfattaren bak Dune-bøkene?
- 10 Rallarblod er ein norsk film frå 1979. Kva heiter forfattaren bak bøkene som denne filmen byggjer på?
- 11 Det som var verdas fjerde største innsjø, er no blitt tre åtskilde innsjøar – kva innsjø er dette?
- 12 Den nest djupaste innsjøen i Europa ligg også i Noreg. Kva heiter han?
- 13 Kva heiter fjellkjeda som går gjennom Marokko, Algerie og Tunisia?
- 14 I kor mange sesongar har Viggo Valle stilt spørsmålet «Kor ska vi reis hen?»?
- 15 Rundt kva planetar i solsystemet finn vi ringar?
- 16 Sirius er den mest lyssterke stjerna på nattehimmelen – i kva stjernebilette finn vi henne?
- 17 CO₂-konsentrasjonen i atmosfæren blir målt i ppm – kva står dette for?
- 18 Kva gass er det mest av i atmosfæren?
- 19 Kven blir rekna som «far» til kunstig intelligens, KI?
- 20 Kva heiter den talande datamaskina som styrer romskipet Discovery i filmen 2001: En romodyssey?

- 1 Kjarstan Fløgstad
- 2 Aslaug Ljåstad Lygre
- 3 Geirr Tveitt
- 4 Henrik Wermland
- 5 Lauvsongar
- 6 Det var attraktive å fange for kvaltan-
garane fordi dei flaut etter at dei hadde
døyd – dei var «dei rette» kvalane å
fange.
- 7 Cowboy Carter eller også Act II: Cowboy
Carter
- 8 Marcus og Martinus
- 9 Frank Herbert
- 10 Kristofer Uppdal (Dansen gjennom
skuggelheimen)
- 11 Aralsjøen
- 12 Salvatnet (i Trøndelag, 473 m)
- 13 Atlasfjella
- 14 38 (seier Wikipedia)
- 15 Saturn, Jupiter, Uranus og Neptun
- 16 I Den store hundten (Canis major)
- 17 delar per million (parts per million)
- 18 Nitrogen (78 prosent)
- 19 Alan Turing
- 20 HAL 9000



NOVELLEDEBUT: Forfattaren Monica Goksøyr kom i fjor ut med novellesamlinga «Slemme jenter», som ho no får ein prestisjetung debutantpris for. Foto: Oda Berby / Aschehoug / handout / NTB / NPK

Foto:

Monica Goksøyr får Tarjei Vesaas' debutantpris

Slemme jenter er tittelen på novellesamlinga som Monica Goksøyr forfattardebuterte med. No får ho Tarjei Vesaas' debutantpris for utgjevinga.

■ *Slemme jenter* blir av juryen karakterisert som «en stringent novellesamling som evner å skrive fra flere perspektiver, og gi leserne nye innsikter».

Dei sju novellene har ifølgje forlaget Aschehoug, som gir ut novellesamlinga, alle jenter i hovudrolla. Jenter som vil vekke frå kvardag og jaktar på spenning og grenseoverskridingar. Som er skadde, og som skadar.

Skadde menneske

– Er dei egentlig så slemme desse jentene? I grunnen ikkje, men dei er, kvar på sin måte, ufrie. Dei lir under for trange rammer, for

stram regi, og dei prøver etter evne å utfordre dei begrensningar omgjevnadene har tvinga på dei, lyder det i omtalen til juryen – som påpeikar at tittelen heller viser til ein paternalistisk hersketeknikk som reduserer forsøka til kvinner på å rydde seg plass i verda til noko barnleg og i siste instans, håplaut.

– Målet mitt er først og fremst å meistre litteratur som kunstform, gjerne med humor. Eg har ingen konkrete moralske budskapar, trur eg, utover å påpeike at samfunnet vårt produserer skadde menneske, men eg tilbyr ingen svar, har Monica Goksøyr, som er fødd i 1990, sagt til *Samtiden*.

– Har sett djupe spor

Prisen vart skipa til av Tarjei Vesaas i 1964 med pengane han fekk som vinnar av Nordisk råds

litteraturpris dette året. Kona Halldis Moren Vesaas skriv i erindringsboka si at han hugsa frå si eiga første skrivetid kor mykje ei oppmuntring kunne ha å seie for ein debuterande, ung forfattar.

Debutantprisen blir delt ut årleg til den beste unge skjønnlitterære forfattaren i fjor under 35 år. Bak står Den norske Forfatterforening, og det er dei litterære råda i foreininga som er prisjury.

Monica Goksøyr føyer seg til i alt 58 tidlegare prisvinnarar. «Forbløffande mange av dei har sett djupe spor etter seg i den litterære offentlegheita», skriv Forfatterforeninga i pressemeldingane si.

Ho fekk prisen på Forfatterforeningas årsmøte laurdag 9. mars.

NPK

380 skular blir inkluderte i Kulturrådets skulebibliotekordning

Talet på skular som blir inkluderte i **Kulturrådets skulebibliotekordning** har auka frå 200 skular i førre tildelingsrunde til 380 for perioden 2024 til 2026.

– Søknadene er skrivne av eldsjeler på skulane som ser kor viktig det er med eit godt skulebibliotek, men som slit med ressursar til bokinnkjøp

og bemanning, fortel Sigbjørn Skåden, rådsmedlem og leiar av Kulturrådets faglege utval for litteratur.

Ordninga sørgjer for innkjøp og distribusjon av bøker til bibliotek i grunnskulen. Skular kan søkje om å delta i tre år av gongen, og formålet er å gi barn og unge tilgang til eit variert og aktuelt utval av nye norske bøker.

I statsbudsjettet for 2024 vedtok regjeringa å styrkje ordninga med fem millionar kroner, og den totale budsjetttramma er dermed på 10,5 millionar kroner per år frå og med 2024.

At det no er 380 skular som deltek i ordninga frå 2024 til 2026, er ein auke frå 200 skular i førre tildelingsrunde. (NPK)

ORD-TAK	VEG-BANE	GRYPE HJØRNE	GAGNE	RARE	IRIDIUM PLANT-ANE	BAKKEBRUN KAPPSPRANG MED KALLEN	LAVINE	VIKTIG	↓	AUKE LIKE	MØBEL	GARN-POSE	BØLLE MORENE EVNA	↓	MANN	DIKTAR- PREST F. 1860		
ASPI- RANTEN	METALL- SKØYT	SVENSK AS	STATS- MIN- BYGD	HODYRA NEKRO- LOG	GRENSE- KRYSS- INGANE	PRO- NOMEN	INN- GJERD- INGA	STOL- ANE										
VAN- LEGE										SVISS IDR.- STEMNE		SVELL AMPERE						
				KONJ. OGSÅ KOMM.											NABOAR (BAKV.) SV. TAL			
KILE						GNAGAR						KONGE (BAKV.) VENDE						
KVINNE						FARE												
SKRINN		DAL- FØRE								RUTINE		FISK DANSK MANN				MATE- MATISK FORMEL		
SLITEN		NØGD								EIN ARNAR- SON I VÅGÅ								
					IRIDIUM KVINNE (BAKV.)		"KOPE- KASSE" EUR. ELV											
									BOK DEMPE						KJENNE- MERKE ULL			
BY- BORGAR				FASE KRIGS- GUD		KRUKKA FØDD PÅ JØA						NORRØN GUD- INNE	REIN- SPIKKA HASTE					
KANT																		
FRÅ NM- LEIAR TIL												LOVNAD						
STATS- RÅD		SPENT	GRØN- SAK		FRANSK ELV					TON- ART STEMME					HJUL- DEL	TRENAR- LEG- ENDE+.		
SMÅ- SETTE																		
JAKOB SANDE DIKT- SAMLING						VESTLY- FIGUR HATET	TEIKNE- SERIE- KVINNE	NABO- AR										
UJAMN													BE					
					SOLGUD SLAG- MARK													
HYLLE						MAKK SKUBBE						OKKU- PERER					KALDT VIND- DRAG	
				BARNE- SENGA MATFAT														
TRADAR								ELEKT- RO- VOLT						VEKSE LEVER				
SVEIN- EN								LIKE SKRIK- ANDE							UKJEND EIN			
	TIDL. TING- SETE																	

■ løysing • Nr. 1 - 2023

ORD- TAK	KON- SPR- ÅTOR	ST	LARD REKKE- LEKAR	SORRE ENDE	RESE	IRISER	BER	AV LØYE VÆSE	RENNE DANSK MONGE	VA	SEK	SKJEM PÅ FESTE	M	E	TE SLUTT SKRE	
KOLLE- GJEM	T	R	E	P	A	R	T	I	R	E	G	J	E	R	I	N
IN- VENTAR	Ø	Y	R	E	L	A	P	S	T	O	L	O	D	D	A	
PLANTE	Ø	R	K	I	D	E	F	E	I	S	T	E	R	A	T	
COCKET LYR	S	T	E	I	N	E	N	A	R	M	R	B	L	A		
REKKE- LEKAR	S	T	E	A	S	T	A	T	A	S	P	R	A	N	E	
TE	N	E	S	T	E	K	U	T	V	E	G	A	R	G	T	
FRAM- ERINDR- BESJE	J	R	P	R	E	M	I	E	R	E	S	L	I	N	E	
FRISTE FRAM- ERINDR- BESJE	I	R	M	I	R	A	D	I	O	D	E	S	P	O	T	
FRAM- ERINDR- BESJE	S	K	E	T	O	R	L	E	I	V	L	M	V	E		
FRAM- ERINDR- BESJE	J	A	K	I	T	U	R	E	I	M	E	H	A	P	P	
FRAM- ERINDR- BESJE	K	J	A	K	L	E	T	N	U	S	A	N	E	R	E	
FRAM- ERINDR- BESJE	E	R	T	E	K	R	O	K	U	N	A	I	O	N	A	
FRAM- ERINDR- BESJE	A	R	U	U	U	B	L	I	N	D	S	P	O	R		
FRAM- ERINDR- BESJE	K	L	I	M	A	B	R	Ø	L	K	L	A	R	E	R	
FRAM- ERINDR- BESJE	J	L	V	M	K	B	S	O	T	A	U	L	M	K		
FRAM- ERINDR- BESJE	T	A	S	S	A	T	E	A	K	S	E	G	L	E	T	
FRAM- ERINDR- BESJE	V	I	N	T	E	R	M	U	S	K	A	L	E	A		
FRAM- ERINDR- BESJE	J	D	U	P	D	R	A	M	A	T	U	R	G	I	E	
FRAM- ERINDR- BESJE	D	E	T	B	E	S	T	E	I	R	O	N	I	S	K	

Vinnarar av kryssord nr. 1, 2024:

- Mari B. Langva, Tiller
- Inger Nyen Tørto, Åmot
- Olav Aas, Loddefjord

Send løysinga til:

Noregs Mållag
Dronningens gate 22
0154 Oslo

eller e-post:

norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

Frist: 23. mai

Merk sendinga «Kryssord».
Rett løysing kjem i neste utgåve.
Tre vinnarar vert trekte ut og får ein fin premie.

Namn:

Adresse:

Postnummer/-stad:



Lyttaranes
romanpris
2023 til
Dordi Strøm!

«Nifs, suggererende
og gneistrande original.»

ANNE CATHRINE STRAUME, NRK



Kritikarprisen
2023
for beste barne-
og ungdomsbok til
Anja Dahle Øverbye!



«Mesterlig barnebok!»
KRISTINE ISAKSEN, VG

Ny
pocket
i sal no

THE
NOBEL
PRIZE
2023



Samlaget.no

Samlaget

Staten bør gå fram som eit **godt føredøme** og vise at nynorsk og bokmål faktisk er to offisielle skriftspråk i Noreg. Nynorsk er ikkje eit tvangsbasert skriftspråk, noko eg har inntrykk av at mange bokmåselevar i skulen diverre tenkjer.

Ei lov er ei lov

NORA KONSTAD BREVIK
Studentmållaget i Nidaros

■ Ei lov er ei lov. Ho skal følgjast uansett kva lov det er, og om ho ikkje blir følgt, er det vår plikt å varsle. I oktober 2023 publiserte NRK ei sak som viste stoda til språklova blant dei 15 departementa og dei 157 underliggjande statsorgana i Noreg. Diverre var resultatene dårlege, og ingen av departementa i regjeringa følgjer språklova, som har som mål å sikre at statsorgana tek i bruk minst 25 prosent av både skriftspråka. I tillegg til dette viste artikkelen at berre eitt av 157 underliggjande statsorgan greier å følge lova, nemleg Medietilsynet. Leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, meiner at dette er «ein kombinasjon av mangel på kunnskap og vrangvilje».

Staten som føredøme

Da eg las saka, blei eg bekymra og skuffa over at staten si eiga lov ikkje blir følgt av staten sjølv. Skuffelsen eg kjende på, kom nok ikkje berre frå artikkelen om at staten ikkje følgjer språklova, men kva det gjer med nynorsken i andre samanhengar. Blant anna i samanheng med skule og anna offentlegheit. At kunnskapen og viljen til å skrive nynorsk i høgare hald ikkje er sterk nok, gjer at eg kjenner på ei frykt for at nynorsken skal forsvinne også på andre område.

Staten bør gå fram som eit godt føredøme og vise at nynorsk og bokmål faktisk er to offisielle skriftspråk i Noreg. Nynorsk er ikkje eit tvangsbasert skriftspråk, noko eg har inntrykk av at mange bokmåselevar i skulen diverre tenkjer.

Dersom nynorsk er meir tilgjengeleg rundt oss, vil også terskelen for å skrive nynorsk, enten som nynorskbrukar eller bokmålsbrukar, gå ned. Heldigvis presenterte




Foto: Andreas Haldorsen / Wikipedia



VALFRIDOM: Nynorsk er ikkje eit tvangspråk, meiner Nora Konstad Brevik i SMIN. At me har to jamstelte skriftspråk er ein styrke som gjev oss valfridom, meiner ho.

NRK ein litt meir optimistisk artikkel i februar 2024: «Dei jaktar ulovleg brot på bokmålsbruk på fritida – tok 32 offentlege etatar i lovbrott i fjor». Det finst kvardagsheltar der ute, folk som tek seg tid til å rapportere inn feil frå statleg hald og feil frå mindre, men synlege selskap og bedrifter. At Hordaland Mållag tek seg tid til å sende inn klagar på brot på språklova, gjer at nynorsk forhåpentlegvis blir meir tilgjengeleg og synleg rundt oss i kvardagen. At enkeltpersonar og større og mindre lokalag tør å varsle, gjer at små feil på til dømes bussen og togstasjonen blir retta opp. Det kan også skape ei større likestilling mellom nynorsk og bokmål. Kanskje blir ikkje terskelen for å prøve og feile

i skrivinga av nynorsk så stor heller? For skrivefeil er ikkje farleg – det er sånn me lærer. Det er betre med eit departement som gjer så godt dei kan i å skrive nynorsk, til trass for at det kan dukke opp skrivefeil, enn at dei legg bort nynorsken.

Vern om nynorsk

Saka frå NRK gjorde meg optimistisk på framtida til nynorsken, ikkje berre i nynorsk kommunar, men også i resten av landet. Eg takkar Hordaland Mållag for jobben dei gjorde i 2023, og håpar at fleire vil følge språklova i 2024. Ei lov er trass alt ei lov, og språklova finst av ein grunn. Me må verne om nynorsk, når me først er så heldig at me har to likestilte skriftspråk i Noreg.

■ leiarspalta



TOBIAS CHRISTENSEN EIKELAND
Leiar i Norsk Målungdom

Programvare på nynorsk er viktig for alle

■ Noreg har vorte eit digitalisert samfunn på rekordtid, og er mellom dei mest digitaliserte samfunna i verda. Men samstundes er ikkje dette ei utvikling nokon kan vera overraska av. I kring 30 år har utviklinga gått jamt og trutt, og det har vorte mindre og mindre blekk på papir i kvardagen vår, og fleire og fleire 1-ar og 0-ar.

■ I 2000 streika 21 000 elevar for å få programvara som vart nytta i skulen, på nynorsk. Til slutt fekk elevane gjennomslag, det vart stilt krav til leverandørane, og Microsoft-produkta som vart nytta i skulen, som Windows, Word og Excel, fekk nynorsk språkdrakt.

■ Men i dag er problemet større enn nokosinne. Den jamne nynorskbrukar ser mykje meir bokmål enn nynorsk kvar dag. Mykje av grunnen til dette er at ein så stor del av tekstmengda me les, er på programvara på PC-ane, nettbretta og mobilane våre.

■ I dag er det berre Windows som finst på nynorsk, og det er også å ta litt i. Dei siste åra, med nye versjonar av operativsystemet, har nynorsken hange etter, og mykje av tekstmengda finst no berre på bokmål. Men andre operativsystem, som Mac OS, iOS (på iPhone og iPad), Android og Chrome OS, som alle blir nytta i skulen, manglar nynorskstøtte fullstendig. Dette er uheldig, og det kan ikkje halde fram slik. Styresmaktene må setja krav til produsentane, slik at operativsystema som blir nytta i skulen kvar einaste dag, også oppfyller språkrettane til nynorskelevane.

■ Også utanfor skulen er det utruleg viktig at me som nyttar nynorsk, får sjå språket vårt på einingane mange av oss nyttar mange timar kvar dag. Det er ein føresetnad for at bokmål og nynorsk faktisk kan vera jamstilte skriftspråk i Noreg.

■ For å bli betre på andre språk endrar eg gjerne på språket på mobilen min til språket eg vil lære, for då ser eg automatisk svært mykje meir av dette språket. På trass har eg ofte heller islandsk i staden for bokmål, men ville jo aller helst ha nynorsk som språk.

■ I eit lesarbrev eg og Peder Lofnes Hauge skreiv i mars, meinte me at regjeringa i dag gjer for lite for at nynorskelevane skal få programvare på sitt eige språk, og at det er på tide at styresmaktene krev at teknologigigantar som Apple og Google skal levere programvare på nynorsk.

Variabel debut

Debutsamlinga frå **Monica Goksøyr** er tidvis god, men ofte ordinær.

■ Då Tarjei Vesaas' debutantpris vart delt ut i mars, var det Monica Goksøyr som tok imot foran årsmøtet i Forfatterforeningen. Goksøyr er oppalen på Runde med thailandske røter, men bur og jobbar som jurist i Oslo. I novellene sine nyttar ho alle desse aspekta frå sin eigen bakgrunn, og får ofte fram det unike utanforskapet hjå kvar av figurane sine. Det kan gjelde utanlandsk opphav, klassebakgrunn, periferi, sentrum eller status, men gjennomgangste-maet er at jentene i hovudrolle-lene kjenner seg utilpasse i røyndomen dei finn seg i. Dei fleste forteljingane føregår i hovudstaden, men ofte med blikket ut og vekk frå kvardagen.

Sju noveller

Slemme jenter er ei samling på sju noveller om samliv, arbeidsmiljø, oppvekst og frigjering. Goksøyr har god kontroll på miljøa personane beveger seg i, og på korleis bakgrunnen deira har forma liva deira. Det er når ho skildrar skilnadane mot omverda at Goksøyr er på sitt beste. Det skjer til dømes når Kaia i «Stille natt» reflekterer over kontrastane mellom storbyen og øya ho kjem frå, eller når saksbehandlaren



■ bokmelding

Monica Goksøyr:

Slemme jenter

Aschehoug, Oslo 2023

Mí samanliknar seg med kollegaane sine. Desse stykka er uanstrengte og organiske, og får fram ambivalensen jentene kjenner på. Det same skjer i «Sakna», når May skilir ut av kvardagen med sambuaren sin, og attende i barndomen og fellesskapet med venen som no er sakna.

Manglar

Samstundes svingar kvaliteten merkbar mellom dei sju novellene. Eit par («Du er Beautiful», «Saksbehandlaren») er gjennomgåande sterke, men fleire har manglar av ulike slag. Det handlar til dels om spennings-



Foto: Oda Berby /Aschehoug

kurvene og oppbyggjinga, men òg om den direkte og til tider platte språkføringa. Goksøyr legg seg veldig tett på protagonistane sine, men kjem stundom i skade for å overforklare, slik som når Kaia tenkjer «var det Øysteins rørsler ho merka i sideblikket?» eller Sigrid i «Jenter som kjedar seg» diskuterer samtykkelov med ein mann som straks utnyttar det eksisterande hølet i lovverket. Sistnevnte tek opp svært aktuell problematikk om sex, status og maktforhold, men endar opp med å infantilisere ei ung mor som i utgangspunktet hadde det meste på stell. I tillegg kjem

novellene «Vaskedama» og «Jazz meg opp», som på ulike vis manglar piff, og som høvesvis vert lite meir enn eit tidsbilete og eit artig skråblikk.

Potensial

Det er ikkje tvil om at Monica Goksøyr har potensial, men med *Slemme jenter* får ho det ikkje heilt ut. Samla sett vert samlinga noko variabel, sjølv om det er lett å sjå kvaliteten som ligg i tekstane. Den positive mottakinga er ikkje tilfeldig, og fører vonleg til endå sterkare utgjevingar i tida som kjem.

Jógvan Helge Gardar

Merkeleg, men minneverdig frå Færøyane

Kreativt og utradisjonelt **dobbeltverk frå Færøyane** syner barndomsminne i all si prakt og gru.

■ Til tross for dei sterke historiske banda, er det no berre tynne trådar som forbind den norske og den færøyske litteraturen. Dei siste 20 åra har Lars Moa, leiar i Stjørddal Mållag, teke hovudansvaret for at færøysk litteratur vert tilgjengeleg også her til lands, særleg gjennom arbeidet med verka til Jóanes Nielsen. Den siste i rekkja av omsetjingane er parverket *Karmageita* og *Jenterommet*. Bak bøkene står Marjun Syderbø Kjelnæs, ein allsidig diktar med m.a. barne- og ungdomsbøker, lyrikk, drama og noveller på samvitet. Ho har vore aktiv i over 20 år som forfattar, og dette er tredje og fjerde bok som kjem på norsk.



■ bokmelding

Marjun Syderbø Kjelnæs:

Karmageita og *Jenterommet*
– ein eksistensiell horrorkomedie

Omsette av Lars Moa

Orkana, Stamsund 2023

Karmageita og *Jenterommet* byr på ei ganske uvanleg lesaroppleving. Dei to banda er knytte tematisk i hop, men det er vanskeleg å få auge på ein kronologisk samanheng. I staden vert dei same spørsmåla handsama frå fleire vinklar, og mange element går att i baa banda. Det var nettopp denne formleiken som fekk merksemd då verket vart annonsert som den færøyske kandidaten til Nordisk Råds litteraturpris for 2023.

Jenterommet er utforma som ein dramatisk tekst der ei kvinne er på vitjing heime på barnerommet sitt. Der vert ho konfrontert av eit mystisk vesen. Undervegs kjem traume og minne frå barndommen fram i ein hysterisk miks av intervju, skuldingar og trøyst. På overflata kan dramaet verke tilpassa ungdom, men tematikken peikar ofte heilt andre vegar. Denne ambivalensen

bidreg til den aukande uroa både me og kvinna kjenner på i møtet med vesenet på jenterommet.

Karmageita er eit lyrisk verk med røter same stad, men òg i ambivalensen mellom heimlengt og utferdshug. Det handlar både om det nære og kjære, jenterommet og det vesle færøyske samfunnet, men òg om det som finst langt der ute. Gjennom dei mange kontrastane får Kjelnæs fram korleis personlegdomen vert forma av barndom, miljø, røynsle og alt anna som utgjer eit liv. Ofte skjer refleksjonane gjennom kreative og uventa metaforar, slik som karmageita sjølv.

I hop skapar dei to bøkene eit lite univers med utspring i jenterommet. Uansett kor ein er eller kva ein ser, finst ei dragning attende – men òg ei trong til å flykte.

Jógvan Helge Gardar

Når ein roman får meg til å **endra mening** om teksten fleire gonger, både under og etter lesing, må det vera eitt eller anna ved han som fungerer.

Ei historie om å vera aleine saman med andre

■ Slik er det med debutromanen til Fett-redaktør Ingvill Kjærstein, *Austvestpassasjen*.

Historia om ein ung norsk engelsklærer som bur aleine i Kyoto, er umiddelbart fengande og går føre seg i eit fysisk og emosjonelt landskap ein ikkje så alt for ofte har kunna lesa om i norsk skjønnlitterær samanheng. Like fullt er det lett å kjenna seg att i erfaringsuniverset Kjærstein med stø hand teiknar opp; av den påtrengande språklege og kulturelle framandgjeringa ein kan kjenna på i møte med ein annan kultur, sjølv i samanhengar der ein trur ein er komen på innsida.

Effektivt


Austvestpassasjen er ei historie om å vera aleine saman med andre. Det er ei historie om språk, frykt, fordommar og om det totalt utmattande ved å forholde seg til ei familiær, men samstundes truande ukjend omverd.

På svært effektivt vis skriv Kjærstein fram eit annleis og framandt romanunivers, og som lesar vert eg nyfiken og har lyst til å verta verande. Men når eg etter kvart ikkje heilt greier å koma til botn i kva som eigentleg hender, eller har hendt, og eg like eins ikkje skjønar kva kjensler hovudpersonen eigentleg har knytt til dette, vert lesinga meir frustrerande enn engasjerande.

Vil koma djupare

Redsle, truande opplevingar, sinne. Enorme naturkrefter, urovekkjande hendingar og møte, familieleiyndomar. Sjølv kor overveldande og altomfattande det heile verkar på den unge engelsklæraren, er det som om kjenslene i seg sjølve ikkje har kome heilt under huden på ho som opplever dei. Og slik er det også for lesaren.

Men sjølv kor lite djupt ein kjem, og kor mykje ein kan sakna



■ bokmelding

Ingvill Kjærstein:
Austvestpassasjen
Samlaget, Oslo 2024

å koma til ein variant av eit slags forløyssande punkt, mistar eg aldri lysta på å koma djupare. Og det er kanskje her det vellukka ved romanen ligg.

Det uforløyste

Kan henda står me ikkje alltid i eit tydeleg defnert forhold til oss sjølve og dei kjenslene me til ei kvar tid prøver å navigera i. Ikkje ein gong dei kjenslene som er sterkast og har mest inn-trengande effekt på kvardagen. Og kan henda er det nettopp det dette uforløyste ved romanen skisserer opp for oss.

Slik sett kan det som ved fyrste augnekast kan vera ei kjelde til frustrasjon, enda opp som den fremste styrken, og kanskje også sjølve kjernen, ved romanen.

Live Havro Bjørnstad

ROMANDEBUT: Ingvill Kjærstein er redaktør i det feministiske tidsskriftet Fett. *Austvestpassasjen* er den fyrste romanen hennar.

Foto: Gry Traaen / Samlaget



Forfatterskapen til Jan Roar Leikvoll er aktuell at det gjer vondt

Djevleskapen og valden som fyller dei tre bøkene *Eit vinter-eventyr*, *Fiolinane* og *Bovara* av **Jan Roar Leikvoll** til randen, er det dessverre ikkje blitt mindre av i verda sidan dei kom ut mellom 2008 og 2012. Det kan vere at bøkene til Leikvoll er så aktuelle at det gjer vondt å snakke om dei, skriv **Aksel Bjørnstad Haug**.

Jan Roar Leikvoll

- f. 1974, vaks opp på Frekhaug i Hordaland.
- I 2014 døydde han brått av hjertesvikt, 40 år gammal.
- Var ein kritikkarrost forfattar med original tematikk. Med eit poetisk språk skildra han dei mest brutale sidene ved mennesket.
- Levde med hjernesvulst frå han var 12 år. Då svulsten byrja å vekse igjen i 2007, starta ein intensiv skrivingprosess.
- Han gav ut fire romanar frå 2008 til 2012, *Eit vinter-eventyr*, *Fiolinane*, *Bovara* og *Songfuglen*.
- To romanar, *Forkynnarer* og *Heimatt*, er gjevne ut posthumt i samråd med familien.



Foto: Amalie Tjønes

Aksel Bjørnstad Haug (f. 1993) er litteraturvitar. Han jobbar som frilansar og vikarlærer.

1

No er det gått ti år sidan forfattaren Jan Roar Leikvoll (1974–2014) brått døydde av hjertesvikt, 40 år gammal, og det er 16 år sidan han debuterte med den vesle romanen *Eit vinter-eventyr* (2008) på Det Norske Samlaget. I Nasjonalbiblioteket sin *nGram*-søkjefunksjon kan ein sjå kor ofte eit ord er nytta i norske bøker og aviser sidan 1800-talet. Viss ein søker på namnet til Leikvoll her, vil ein sjå at den offentlege samtala om forfattaren ser ut til å ha avgått med døden saman med han. Ein kunne kanskje tru at årsaka til det er at Leikvoll skreiv bøker som berre hadde «nyheita si interesse». Det er ein ironi i det at det same som gjer ei bok aktuell den eine dagen, gjer henne uaktuell den neste. Ein lyt berre tenkje på dei tallause debattbøkene som kjem ut kvart år, men det finst nok av skjønnlitterære døme òg. Leikvoll er ikkje eit av dei, og togn omkring forfatterskapen får offentlegheita ta på si eiga kappe. Saman med *Fiolinane* (2010) og *Bovara* (2012) dannar *Eit vinter-eventyr* ein slags trilogi som Leikvoll skreiv «i raseri og frykt»¹, og når eg las dei denne vinteren, synest eg ikkje åra som er gått, hadde gjort noko for å gjere dei tre mindre aktuelle. Dessverre, kan ein kanskje leggje til. Djevleskapen og valden som fyller desse bøkene til randen, er det dessverre ikkje blitt mindre av i verda sidan då. Det kan vere at bøkene til Leikvoll er så aktuelle at det gjer vondt å snakke om dei.

2

Det er ei beintøff verd vi møter i trilogien. *Eit vinter-eventyr* føregår i ein arbeidsleir, eller moglegvis utrydjingsleir, og han ligg på ein stad som alltid er kald. Slik skildrar den namnlause hovudpersonen og forteljaren det på den første sida i boka:

*Då eg først kom hit, var eg sikker på at dei ansvarlege hadde bygd leiren med vilje i akkurat dette søkket, for å plage oss arbeidarar med kulde, stikke i oss frost store delar av året. Men eg tok feil. Ein arbeidde hardare i kulde, men viktigast av alt, hadde Hans ofte sagt, var at kulde heldt sjukdom meir under kontroll enn varme, ein vart ikkje så lett smitta av alle dei som kom hit og var gjorde om til snauskallar og ofte pådrog seg alskens sjukdomar. No som eg hadde arbeidd her lenge, eg visste ikkje kor lenge, forstod eg kor godt det var at nokon tenkte for meg.*²

Vi får aldri vite kva som har skjedd, eller kvifor hovudpersonen og dei andre blir halde fanga.

Vi får berre nokre dystre hint om ein apokalyptisk krig. Ein stad lurar hovudpersonen på om det i det heile finst noko anna enn leiren der ute. Men det gjer det, for det strøymer stendig inn nye fangar, som er blitt rivne ut av kvardagen sin og tekne til leiren. Avsnittet eg siterte ovanfor er symptomatisk for måten hovudpersonen forhold seg til situasjonen han er i. Frå å vere fiendtleg innstilt, har han gått til å gjere fangevaktarane sin mentalitet til sin eigen.

Når forteljinga tek til, er forteljaren blitt ein såkalla altmoglegmann. Det vil seie at han står noko høgare på rangstigen enn dei dei kallar snauskallane. Det inneber at han er med på å oppretthalde systemet i leiren, men han er framleis ein fange, og lever i konstant fare for å bli drepen viss han gjer noko gale. Ein av fordelane med å vere altmoglegmann, er at ein får bu på tomannsrom i staden for på sovesal. Hovudpersonen deler rom med Hans, som han i all hemmelegheit er forelska i, og som gjev han håp om eit liv utanfor leiren:

*Men så smilte Hans litt, det var sjeldan han smilte slik som dette, [...] Eg smilte attende til Hans, han visste ingenting om korleis eg såg denne verda, om korleis eg drømde om at eg og Hans skulle kome oss bort frå denne leiren saman, at vi skulle forlate denne helsikes staden, berre eg og Hans.*³

Hans har overlevd i fleire andre leirar, og er en praktisk og kynisk mann som rett nok passar på den veikare hovudpersonen, men òg drømmer om å klatre endå høgare opp i systemet. Derfor er han blindt loyal mot systemet, og gjer fæle oppgåver som gjev han arr i sjela. Ein dag hovudpersonen og Hans tek imot nokre nye fangar, får hovudpersonen auge på ei ung jente som ber på ein liten gut. Utan å heilt vite kvifor sjølv, tek hovudpersonen han ifrå henne. Sjølv om det ikkje er lov, gøymer han guten på rommet deira, og held han der som eit slags kosedyr. Det er vanskeleg å ikkje bli rørt over hovudpersonen si lengsle etter nærleik i den gruvsame verda han lever i:

*Det var godt å berre ligge mot ein annan kropp, barn eller vaksen, berre ein kropp var der for meg når natta kom, noko som heldt meg, som sa at det var godt at eg kom, at eg hadde vorte venta på, at eg var heime no, og at heime var den tryggaste staden som fanst, at eg berre kunne få kome med kroppen min så nær eg ville, for det var her og ingen andre stadar eg hørde til.*⁴

Men Leikvoll unnlèt ikkje å blande malurt i begeret. For ganske tidlig skjønner vi at forteljaren er pedofil, at han har misbrukt born òg før han kom til leiren. Dette er noko av eit varemerke hos Leikvoll. Han blandar utruleg varsemnd med det som er forferdeleg, og lèt på ingen måte det eine utelukke det andre. Vi

1 Nydal, Ane. «Pepsi Max-drømmeren». *Morgenbladet*. 19.09.2013. <https://www.morgenbladet.no/boker/2013/09/19/pepsi-max-drommeren> (Lesen 21.03.2024)

2 Leikvoll, Jan Roar. *Eit vinter-eventyr*. (Oslo: Det Norske Samlaget, 2008), 9.

3 Ibid., 42.

4 Ibid., 61.

Jan Roar Leikvoll er så vondt å snakke om han



Foto: Tove K. Breistein / Wikipedia Commons

trekkjer nesten eit sukk av lette når guten dør i laupet av første natta. Så er han i det minste ute av overgriparen sine hender før noko kan skje.

Etter dette blir hovudpersonen deprimert. Han ser for seg den døde guten som ein slags son, og dagdrøymmer om at Hans og han skulle ha levd med guten som ein liten familie, viss dei berre kom seg vekk frå leiren. Han byrjar å gråte under arbeidet, og er konstant redd for at oppsynsmennene veit om at han gøymde ein gut. Når han og Hans blir forfremma til å sortere sakene som nye fangar er blitt fråtekne, sit hovudpersonen heile dagen og

luktar på skor og drøymmer om liva til dei dei tilhørde. Hans veit at slurvet til hovudpersonen vil gå ut over han òg, og dekkjer som best han kan. Etter kvart blir hovudpersonen meir og meir ustabil, identiteten hans blir uklår, og i det som vel må kallast klimakset i romanen, får han på sett og vis oppfylt draumen om å vere ei slags kone for Hans, utan at det gjev noka forløyising utanom den reint seksuelle.

Dagen etter blir dei brått vekte fordi nokre snauskallar har sette fyr på ein bygning og rømt mot skogen utanfor. Hans og hovudpersonen blir sende ut med våpen for å fange dei,

men jakta blir meir traumatisk enn venta, for ein av dei rømte fangane er jenta forteljaren tok guten ifrå. Ho har halde seg i live for å finne hovudpersonen igjen, og blir den einaste som snakkar om leiren på ein nokolunde normal måte i denne romanen. Orda hennar er både frigjerande og forstemmande for både lesaren og forteljaren, som har sett alt gjenom forvirra auge til no:

Eg bad henne sleppe meg med ein gong, reise seg og gå framfor meg til leiren. - Kulda drep, skreik eg, sjølv om eg eigentleg ville skrike noko anna. Ho skulle likevel døy, sa ho, alt var over for hennar del, ingen slapp unna rein utrydding. Ho lo litt og påstod at sjølv meg kom dei til å ta av dage. Dei kom til å avlive meg som ein tarveleg hund eller noko mykje mindre. Ingen eigde slik ein vondskap som oss, ingen bar så mykje vondt i seg som oss. Men heller ikkje så mykje fint, kviskra ho. Ho nynna ein melodi på mitt språk. Tok til å synge. Eg kjende den melodien, den songen.⁵

Når romanen endar, står hovudpersonen aleine i skogkanten, og det er heilt opent kva som vil skje vidare.

3

Viss *Eit vintereventyr* var innkapsla i ei bitande kulde, er det brennande hete som slår imot oss i *Fiolinane*. I denne romanen, moglegvis Leikvolls mest kjende, møter vi ein gut eller ung mann, som er vaksen opp i eit beinhardt, primitivt ørken-samfunn. Dei tøffe omstenda har fått menneska til å bli halvt dyriske. Dei knurrar og spenner musklar mot fare, og «kjeftar» på kvarandre, nett som hundar skjellar. Rundt den vesle stamma (eller flokken, som det heiter i boka), ligg ruvande berg av boss og endelause sanddyner. Åtsselfuglar, rotter og ville hundar heimsøker staden, og er den primære føda til stamma. Somme tider kjem fly og slepp kasser med forsyningar som dei der nede kan slåst om. Flyet avslører at det finst noko meir i håplause universet enn «skrap og sand og litt jord»⁶. Somme tider prøver folk å komme seg vekk.

Bestefar hadde fortalt om fleire som prøvde å forlate fyllinga, men dei kom tilbake eller vart funne på dei aude slettene like utanfor, tørka inn som skit i sola og dekte av fluger, eller dei vart aldri funne, og det var uvisst om dei hadde funne fram eller ikkje. Funne fram kvar då, hadde eg spurt. Der dei andre er, svarte bestefar.⁷

Men for dei aller fleste i verda Leikvoll har skildra, er livet konsentrert rundt nokre få ting: brønne med vatn, skura dei bur i, flok-

⁵ Ibid., 152.

⁶ Leikvoll, Jan Roar. *Fiolinane*. (Oslo: Det Norske Samlaget, 2010), 67.

⁷ Ibid., 19-20.



ken, og ein evig kamp for å overleve. I likskap med i *Eit vintereventyr*, blir detaljene rundt situasjonen ukjende. Vi får berre vite at guten og flokken han tilhøyrer er blitt drivne frå skanse til skanse.

Eg lurte på om [...] det fanst noko for meg der framme. Ikkje berre bak oss, som bestefar sa. Tallause historier om folket vårt, kor store vi hadde vore, og kor følgde vi hadde vore, og at alt no var vorte tatt frå oss nok ein gong.⁸

Boka opnar med at guten og far hans er i ferd med å gravleggje den eldste dottera i familien. Ho har bukka under for ein fæl sjukdom. For guten er det ein spesiell dag. Det er første gong han gravlegg nokon han kjende. Medan dei grev, kjem ein framand som er ute på ei reise for å sjå om det finst noko meir enn ørken og skrap. Med seg i bagasjen har han ei glaskule som kan bryte sollyset og skape vakre mønster. Kula vekker noko i guten, ei kjensle av at verda òg er vakker. Men her, som i *Eit vintereventyr*, er det vakre blanda med det avskyelege. Prisen for kula er at den framande får valdta liket av storesøstra.

Trass i at dei foregår i røynder som heldigvis ikkje liknar noko særleg på vår eiga, er det nokre ganske kjennelege plot som ligg i botn av Leikvolls romanar. I *Eit vintereventyr* var det den ulukkelege kjærleiken, i *Fiolinane* er det eit samlivsdrama. For ting er ikkje bra mellom mora og faren i familien til guten. Mora er blitt bitter og vrang etter å ha mist eldstedottera si, og i byrjinga av boka ligg òg den yngste jenta sjuk. Faren og bestefaren klandrar mora for sjukdommen og meiner han er noko som kom inn i slekta med henne. Guten står midt i dette skilsmissemadramaet. Han tek for det meste faren sitt parti, men i eitt er han einig med mora: Han vil gjere alt for at yngstesøstra skal overleve. Faren alt er på leiting etter ei ny dame som kan gje han sterkare etterkommarar.

Guten er òg i fare for å bli etterlaten i kampen for å overleve. Han er ein drøymar, og blir konstant gjord narr av av mora for at han ikkje er like sterk som faren. Han ser stadig opp mot det høgaste berget av boss, som ingen har vore på toppen av, og tenkjer at ein dag skal han gå dit. Nærast står han bestefaren, som ein gong spelte fiolin til dans, og som lærer guten om verda og korleis ting heng saman. Ein av dei viktigaste leksene frå bestefaren er at ein må vere i det ein er, og ikkje lengte til noko anna, ikkje «vakendrøyme». Han, som har levd under meir siviliserte forhold, forbannar seg sjølv for å ikkje ha nytt det meir, no når alt er øydelagt. Kanskje seier han òg dette fordi han veit at sonesonen ikkje har særleg stor sjanse i den barske verda. Somme augneblink i livet hans er faktisk verdt å halde fast i, og Leikvoll skilddrar desse som få andre:



Far hadde ein fersk knok i munnen, han sa det var berre til å ete før mor var tilbake. Han delte knoken mellom oss med dei store fingrane sine, bad meg ete. Ei lita stund var alt som det skulle, far og son på eit jernrør med ferskt kjøtt mellom seg, i ein tynn skugge, utanfor skuret der vi alltid hadde budd. Far smilte, det kjendest så trygt å sitte slik, eg sette meg litt nærare, og smilte tilbake.⁹

Dermed blir det endå rårare når guten blir lukka ute på slutten av boka, etter faren har kvitta seg med den utbrukte mora og den sjuke veslesøstra. Guten har ikkje klart å halde seg unna søstra, han har vilja vere hos henne, og dermed er han òg blitt sjuk. Sjølv om vi lesarar nok skjønner korleis det gå i eit univers som dette, er det tøft å få det skildra gjennom auga til eit barn som berre halvveis fattar at ikkje ting alltid endar godt for han sjølv:

Eg gjekk bort og ville inn i skuret, men kleiste i døra. Eg prøvde å opne henne, fekk henne ikkje opp, la meir tyngd mot henne, skauv frå med beina, men dei smale føtene mine spann berre i sanden. Det gjorde vondt i ansiktet etter samanstøyten, eg banka hardt og ropte på far, men han svarte ikkje.¹⁰

Utstøytt av samfunnet endar boka med at guten forsvinn inn i sin eigen draum: han klatrar opp på det høgaste bossberget. Han er skada, utmatta og sjuk, men halvt i svime tenkjer han at han kan komme att frå berget som ein helt, at draumen skal gjere han til ein skatta del av flokken:

Eg visste ikkje om nokon som hadde vore der oppe før, eg skulle bli han som dei sa hadde vore øvst på høgdedraget, dei kom til å sjå heilt annleis på meg, sjølv far kom til å sjå meg på ein heilt annan måte enn før, eg skulle få ein kunnskap dei ikkje hadde, til og med bestefar skulle bli forundra over kloke ting eg skulle seie og tenke.¹¹ (s. 173)

Men det er ikkje nokre ti bud han får openberra på toppen. Det einaste han kan sjå, er sanddyner og nye høgdedrag, høgare enn det han sjølv ligg og døyr på.

4

Bovara, den siste av delen av trilogien, skil seg frå dei to førre fordi handlinga er sett på ein stad som ikkje er fæl i seg sjølv. Tvert imot er



det nærast ein idyll, nemleg eit kloster i fjellet. Hovudpersonen, denne gong namngjeven, er munken Frrok. Frrok er vaksen opp i klosteret, og jobbar som gartnar. Leikvoll sitt språk er alltid poetisk, men i *Bovara* når det eit høgdepunkt. Nokre av skildringane har så gjennomført rytme og komposisjon at dei nærast kan bli lesne som små prosadikt:

Enno litt tid før vinteren kom og la kvitt dekke over blommar og epletre og busker og graver, enno tid før eg i lågt vinterys måtte hjelpe dei varaste buskene og trea med snøen, løfte greiner så dei ikkje knakk, dekke bakken så løkar og staudar låg lunt i jorda, å kvile i tele. Enno litt tid før vinteren kom og la kvitt dekke over menneske eg og Flori hadde spadd graver for i åra som var komme og gått.¹²

Men når ein no har lese nokre bøker av Leikvoll, veit ein at idyllen ikkje kjem til å vare. Den noko eldra munken Flori har arbeidd med Frrok i klosterhagen, men no har han trekt seg tilbake til eit tårn, og sit og skriv dagen lang. Om natta snik han seg til landsbyen Bovara, der han treffer kvinnfolk. I likskap med *Eit vintereventyr* er ulukkeleg kjærleik sentralt i *Bovara*. Frrok er dødeleg forelska i Flori. Vi lesarar skjønner ganske raskt at både han og andre munkar har misbrukt Frrok seksuelt sidan han var liten. Men Frrok er tolmodig, og ventar berre på at Flori skal komme att til hagen. Men ein dag endrar maktbalansen seg. Ei jente kjem til klosteret og vil treffe Flori. Ho ber barnet hans. Frrok lét som om han skal gje Flori beskjed, og gøymer jenta i eplekjellaren, der dei andre munkane ikkje går. Men han seier ingen ting til Flori, som er deprimert og berre ventar på jenta. Slik får Frrok makt over ein som alltid har hersa over han. Ein dag finn Frrok liket til Flori hengande frå ein bjelke i tårnet, men han seier ingenting, verken til dei andre munkane eller til jenta i kjellaren. Han berre held henne der, sjølv om ho blir sjuk og svak av å berre ete eple. Denne situasjonen kan sjølvstøtt ikkje vare, og det endar i eit bloddrypande klimaks der Frrok på ganske bokstaveleg vis blir ein med jenta, og dermed endeleg objektet for Flori sin kjærleik. I likskap med dei to førre bøkene, sluttar denne idet hovudpersonen nærast delirisk stavrar ut i uvissa, utanfor murane av den verda dei er fanga i.

I *Bovara* når det gruvsame i forfatterskapen til Leikvoll på eit vis eit mettingspunkt ved at meir blir gjort eksplisitt. I dei førre bøkene har vel så fæle ting hendt, men ofte er det berre blitt hinta om. I *Bovara* blir vi tvinga til å sjå det heile. Somme tider kjennest rett og slett litt spekulativt. Leikvoll følte det slik sjølv òg. I originalutgåva av *Bovara* er det ei vemleleg skildring av at Flori valdtek og drep ein

9 Ibid., 131.

10 Ibid., 168.

11 Ibid., 173.

12 Leikvoll, Jan Roar. *Bovara*. (Oslo: Det Norske Samlaget, 2012), 15.



Foto: Tove K. Breistein / Wikipedia Commons

grisunge. Til pocketutgåva av boka endra Leikvoll scena, slik at det går bra med grisen.¹³

5

Eigentleg er dei tre bøkene ganske likt oppbygde. Noko uventa skjer, og får den forferdelege normaltstanden til å bli intensivert mot ein katastrofe.

6

Somme har samanlikna *Fiolinane* med amerikanske Cormac McCarthy (1933-2023) sin mykje omtala roman frå 2006, *The Road*. Også her treffer vi ein ung gut og far hans i ei håplaus verd: Mesteparten av livet på jorda er blitt utrydda, og dei få som lever, vandrar rundt i ruinane og prøver å finne mat. Ofte endar folk med å ta livet av kvarandre i kampen om ressursar eller rett og slett ete kvarandre. Men midt i håpløysa brenn den valdsame kjærleiken faren kjenner for sonen, og sorga hans over å vite at han snart kjem til å døy og etterlate guten aleine. I ei bokmelding i *Morgenbladet* står det at *Fiolinane* er som *The Road* utan kjærleik.¹⁴ Men er det så enkelt? Det er jo kjærleik i *Fiolinane*, som når hovudpersonen prøver å vise den sjuke veslesøstra si den fine glaskula, når mora insisterer på at dei handsamar storesøstra sin død med respekt, når guten og faren sit i solveggen og delar mat, i bestefaren sitt sagn etter bestemora:

Bestefar stakk noko inn i handa mi, og eg kjende litt på det [...] det var ein knok, men då eg førte han mot munnen, harka bestefar og sa at ein slik knok var det nok ikkje, han var ikkje for munnen, men for handa og minnet, sa han, [...] Glatt og rein etter tallause stryk mellom trevlete hender, og eg lét mine eigne hender gli varsamt over det finslipte beinet. Det er bestemor di, sa bestefar, og då eg mista henne, mista eg alt, endå så mykje eg har.¹⁵

Men det er kjærleik under ekstremt røffe vilkår. I *The Road* er det berre eit par år sidan apokalypsen, i *Fiolinane* er det berre bestefaren som hugsar noko som liknar sivilisasjonen vår. På ein måte er samfunnet meir gjenoppretta i *Fiolinane* enn i *The Road*, utan at det gjer verda særleg mykje tryggare.

7

Fordi vi får så få detaljar om kvifor hovudpersonane har hamna der dei har, blir nesten det gruvsame mystisk i Leikvoll sin trilogi. I *Fiolinane* florerer det med bibelske referansar. Vi las om korleis folket guten tilhøyrer er blitt forfølgd i tusenvis av år, slik som israelittane. Språket er òg bibelsk. Ein stad heiter det at mora til forteljaren «med skrik og jammer fødte [han] og systrene [hans].¹⁶ som eit ekko av Gud sin dom over Eva i Første moseboka: «Stor vil eg gjera di møda, so tidt du er umhender. Med verk og vande skal du eiga born». Som epigraf har *Fiolinane* eit sitat frå Jobs bok: «No sig eg snart i moldi ned, og leitart du, so er eg burte.» Denne delen av

Bibelen, der den skuldlause Job blir utsett for ei mengd forferdelege prøvingar, er kjend for den mystiske konklusjonen når Gud openberar seg. I staden for å rettferdiggjere lidinga til Job, berre viser Gud til si eiga allmakt og at det er umogleg for menneskja å forstå skaparen. Det vonde blir noko sublimt. Men valden i Leikvolls univers er ikkje guddommeleg, han er menneskeleg. I *Fiolinane* er det trass alt eit fly som kjem med medisin og mat. Det er nokon der ute som veit om at folket lever slik dei gjer, nokon med avansert teknologi, som ikkje gjer anna enn å oppretthalde situasjonen. Fangevaktarane i *Eit vintereventyr* er heller ikkje meir umenneskelege enn at dei kan le av ein blaut vits, sjølv om han er av det sadistiske slaget:

Det var fest i kveld, og alle altmulegmenn kunne òg få kome, det var laga til ei scene der dei som ville, kunne få opptre med song eller musikk, nokre av dei sjuke skulle spele med sitt vesle orkester. Dei skulle, etter det oppsynsmannen hadde høyrte, vere flinke til å spele, om dei ikkje var gått opp i røyk. Han lo høgt, Hans dunka meg i armen, og vi lo med, [...]¹⁷

Dei sjuke i leiren blir for orden si skuld brende når dei døyr. Dei fleste vil vel kanskje innvende at dette då er umenneskeleg. Men er det ikkje snarare alt for menneskeleg? Hadde det endå vore ein uforståeleg skapar som stod bak valden, så hadde han i det minste hatt ei meining, berre ikkje for oss menneske.

8

På baksida av *Eit vintereventyr* kan vi lese at ho «er ei forteljing om korleis både ytre og indre hendingar kan løfte eit menneske opp og styrkje det, eller knuse det». Noko slikt sentimentalt kliss finst heldigvis ikkje innfor boka sine permar, for i så fall ville alt det djevleske vi les om, blitt banalisert. Viss den namnlause hovudpersonen på ein eller annan måte hadde blitt «løfta opp» og «styrkt» av det som hender, hadde på ein måte alt blitt rettferdiggjort i ein nietzscheansk *what doesn't kill you makes you stronger*-moral. Som sagt, skjer det heldigvis ikkje, verken her eller i nokon av dei andre bøkene i trilogien. Leikvoll er som ein gudlaus teolog som tek opp problemet med det vonde utan å gje det noka løysing. Han berre held lesarane fast i noko heilt sinnsjukt vondt medan han kviskrar oss i øyret: «Dette skjer òg, og det gjev inga meining». Og det gjer det. Det skjedde i Treblinka, Auschwitz og Buchenwald. Det skjer i familiar der born blir utsette for overgrep og vald av dei som skulle passa på dei, og medan eg skriv dette, skjer det i Gaza.

AKSEL BJØRNSTAD HAUG

13 Nydal, «Pepsi Max-drømmeren».

14 Ukjend forfattar. «Forlatt av verden» *Morgenbladet*. 12.03.2010. <https://www.morgenbladet.no/boker/2010/03/12/forlatt-av-verden/> (Lesen 21.03.2024)

15 Leikvoll, *Fiolinane* (Oslo: Det Norske Samlaget, 2010), 50.

16 Ibid., 104-105.

17 Leikvoll. *Eit vintereventyr* (Oslo: Det Norske Samlaget, 2008), 115-116.

KRAMBUA

Stø målarbeidet med ein handel i Noregs Mållag sin eigen nettbutikk!



Erteposespel
kr 990.00



Pennal
kr 98.00



Ostehøvel
kr 250.00



Krus – Skogen stend...
kr 298.00



Smykke
kr 600.00



Kubbespel
kr 590.00



Drikkeflaske (termos)
kr 450.00



T-skjorte
kr 180.00



Skuggelue
kr 148.00

På nettbutikken finn du mange fleire varer og mange gode tilbod.
Send ein e-post med tinging til per.arntsen@nm.no, ring til 23 00 29 35,
eller gå inn på www.nm.no/krambua.
Hugs at lokallaga får egne rabattar om de tingar på e-post.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

MÅLLAGET INFORMERER

NYNORSKDAGEN 12. MAI

Nynorskdagen er ein nasjonal markeringsdag for nynorsk. Noregs Mållag og Norsk Målungdom inviterer alle i Noreg til å skrive nynorsk 12. mai.

Den 12. mai 1885 gjorde Stortinget eit historisk vedtak. Då vedtok Stortinget å likestille landsmål (seinare nynorsk) og dansk (seinare bokmål) gjennom «jamstillingsvedtaket». Dagen kallar me nynorskdagen, og me vonar alle medlemer og lokale lag vil vere med på å spreie ordet. Målet er å få sjå meir nynorsk rundt oss, særskilt på plassar der me vanlegvis ikkje ser han.

Både i 2022 og 2023 var det fleire private verksemdar, statlege verksemdar, organisasjonar og aviser som skreiv nynorsk som vanlegvis ikkje brukar nynorsk.

Nynorsk er for alle!

Nynorsk er eit nasjonalt språk som alle i Noreg lærer i skulen. Målet vårt er å ufarleggjere det å skrive nynorsk for dei som sjeldan eller aldri gjer det, og elles å vise fram det flotte språket og organisasjonane våre.

Korleis markerer me dagen?**A) Skriv nynorsk på nynorskdagen**

Noregs Mållag og Norsk Målungdom vil sende direkte utfordringar til statlege verksemdar, politiske parti, frivillige organisasjonar, aviser og andre om å skrive nynorsk denne dagen. Dessutan sender me ei eiga oppmoding til barne- og ungdomsskular om å nytte nynorskdagen i undervisninga.

Me vonar at lokallag og fylkesmållag sender oppmodingar til aktørar lokalt. Det kan vere kommunen, biblioteket, skulen eller barnehagen, ulike frivillige organisasjonar eller verksemdar som ikkje brukar nynorsk til vanleg.

Og at yrkesmållag sender oppmodingar til aktørar innanfor eige fagfelt.

B) Sosiale medium

I sosiale medium brukar me emneknaggen #nynorskdagen. Me spreier dei beste innlegga i eigne kanalar.

Tips:

- Kven vil du invitere til å skrive nynorsk? Tenk på lokale verksemdar, organisasjonar, kommunen, offentlege personar, vener og slekta
- Skriv «Eg skriv nynorsk på #nynorskdagen» på X, Facebook, Snapchat eller Instagram
- Lik eller del nynorsk der du ser han
- Skriv nynorsk, les nynorsk, eller syng ein nynorsk song
- Kjøp ei vare på nynorsk
- Me kan ynskje kvarandre til lukke med nynorskdagen

C) Stå på stand / lag tilskipping

Årets nynorskdag kjem på søndag 12. mai. Då kan ein nytte dagen til å invitere med seg folk til å vere med mållaget å gå tur. For fleire av lokallaga kan det vere aktuelt å gå etter fotspora til Ivar Aasen.

Eller ein kan nytte høve til å lage ein festdag for nynorsken med å invitere til språkkafé eller ha ei anna tilskipping. Kanskje invitere på kake?!

Bruk 12. mai til å invitere fleire til å bli frivillige i Mållaget og til å invitere fleire inn i språket.

For dei som vil stå på stand, høver det kanskje best med dagen-før-stand?! Me set saman ei stand-pakke med masse flott tilfang, som me sender gratis til alle lokallag som vil ha. Me lagar også materiell som kan brukast til å lage eigne plakatar, flygarar og t-skjorter.

Nynorsk grunnlov

Nokre dagar før, måndag 6. mai, kan me markere 10-årsdagen for at Stortinget vedtok nynorsk grunnlov. Kanskje ein kan slå saman nokre markeringar. Det viktigaste er at Mållaget og Målungdomen er synlege denne dagen og at me markerer nynorsken på ein positiv måte.


Me ynskjer alle ein god nynorskdag!

Lurer du på noko?

Ta kontakt med

Hege Lothe i Noregs Mållag: 926 48 348 / hege.lothe@nm.no

Emma Pedersen i Norsk Målungdom 97 34 28 64 / norsk@malungdom.no

**NOREGS MÅLLAG**

nm.no

Tilskrift:

Dronningens gate 22
0154 OSLO

Telefon: 23 00 29 30

E-post: nm@nm.no

Kontoradresse:

Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Nytt kontonnr.: 3480.13.83582

Leiar: Peder Lofnes Hauge
95 12 26 89 / peder.hauge@nm.no

Nestleiar: Synnøve Marie Sætre
92 69 53 30 / synnove.setre@nm.no

Tilsette:

Gro Morken Endresen,
dagleg leiar,
tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60,
gro.morken@nm.no

Erik Grov, organisasjonsrådgjevar,
tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.no

Per Henning Arntsen, økonomirådgjevar,
tlf. 23 00 29 35, per.arntsen@nm.no

Ingar Arnøy, skulemållagsskrivar,
tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00,
ingar.arnoy@nm.no

Hege Lothe, informasjons-
og organisasjonsrådgjevar,
tlf. 92 64 83 48, hege.lothe@nm.no

Vemund Norekvål Knudsen,
redaktør og rådgjevar,
tlf. 23 00 29 32 • 97 68 43 99
vemund.knudsen@nm.no

Frida Pernille Mikkelsen,
politikk- og kommunikasjonsrådgjevar,
tlf. 23 00 29 34 • 48 24 87 47
frida.mikkelsen@nm.no

**NORSK MÅLUNGDOM**

malungdom.no

Leiar: Tobias Christensen Eikeland,
Telefon: 94 89 49 69,
E-post: tobias@malungdom.no

Skrivar: Emma Hinderaker Pedersen
E-post: emma@malungdom.no
Telefon: 95 07 88 18

Kontormedarbeidar:
Dordi Boksasp Lerum
dordi@malungdom.no

Tilskrift: Dronningens gate 22
Telefon: 97 34 28 64
E-post: norsk@malungdom.no

Kontonnr.: 3450.65.48707



Prent: Amedia Trykk
Opplag: 15 200
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonsar:
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm
Spaltebreidd: 45 mm
Kvartside: kr 3 000,-
Halvsida: kr 5 000,-
Heilsida: kr 9 000,-
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 3, 2024:
23. mai

Jeg er for gammel til aa sette mig paa skolebenken og kan ikke paata mig aa levere foreleggene på landsmaal.

**Fylkesmannen i Oppland
attgjeven av avisa
Hadeland, 1924**

Ingen kan ordentligt landsmaal, fordi det er et dødt kunstprodukt av et sprog, som mangler livets ret. Endog de saakaldte landsmaalsforfattere skriver hver sit landsmaal, og det kommer formentlig av, at de er fra de forskjellige dalfører. Det er hjembygdens dialekt, som sætter sit præg paa det saakaldte landsmaal.

**Henrik Testman
i Sandefjord Blad,
22. april 1924**

Gyldendal sender ut ei mengde billege bøker – omsetjingslitteratur. Innhaldet kan vera godt nok; men maalet er ofte reint dansk, og det tener nett ikkje til å styrkia det norske maaløyra hos lesarane [...] Send oss gode, billege norske bøker, og vi skal la Gyldendal faa ha sine danske. La oss vera fri den lange og ofte kostesame vegen om byen for kvar gong vi ynskjer oss ei god bok. Det bør vera eit krav som alle norske bokskrivarar og ikkje minst dei som nyttar nynorske maa samla seg om. Dei siste skal nok fyrst og fremst finna lesarane sine millom oss landsfolk.

**Landsgut i Namdalen,
20. mars 1924**

Olav Nygard var ein trugen arbeidskar som træla og sleit for lett og lite. Han var smaalaaten, tolsam og roleg og skyna ikkje den kunst aa stinga seg fram. Men han visste kven han, og kjende seg som ein av Guds utvalde. Difor var han og so stor «medan det æsande livsdrama» akt etter akt gjekk yver tilet. I Norsk lyrikk vil han alltid standa som ein lysande varde.

«Naar ein gong banedrykken slær med gufs av eldfengd eim, – du gjest som fyl meg skuggenær, skjenk paa naar bekkjesongen bær mi løyste livsaand heim.»

**Utdrag frå nekrolog
om Olav Nygard
i Den 17de Mai, 1924**

på tampen



Rikdomen i Kongo

■ Det er ikkje mykje positivt ein kan seia om situasjonen i Gaza, men protestane mot drap på sivile har au sett fokus på andre grufulle konfliktområde i verda på sosiale medium. Song etter song trendar på Tik Tok der artistane lover å donera inntektene frå songane til ofre i Yemen, Sør-Sudan og Aserbajdsjan. Mest merksemd er det krigen i Kongo som har fått. Den demokratiske republikken Kongo, aka Kongo-Kinshasa, aka DRC.

■ Kongo har husa mange krigar, mellom anna den andre kongokrigen som au blei kalla Afrikas store krig og Afrikas verdskrig. Kongo er landet Kong Leopold 2 av Belgia handsame som sin eigen private eigedom, der han befala så mykje vondskap mot befolkninga at me ikkje kan byrja å førestilla oss det. Slavearbeid, tortur og mord kan ha ført til at så mange som 50% av befolkninga i gummiregionen døyde, dette er usikre tal då det ikkje blei ført ordentleg logg. Den kjende romanen Mørkrets hjarte av Josef Conrad er inspirert av denne tida i Kongos historie. Kongo har ei grusam fortid og ei grusam notid, der valdtekt systematisk blir nytta som våpen i krig, og små barn blir selde til slavearbeid i kobolt- og koparminar for at me rike skal få dei nyaste smarttelefonane. Kongo har somme av dei største rikdommane i verda i naturressurs, men er likevel eit av verdas fattigaste land.

■ Rikdommen til Kongo kan ikkje berre målast i mineral og råvarar, det er au eit av dei rikaste områda i verda når det kjem til språk. Ethnologue har ført opp 214 levande språk, medan Wikipedia estimerer 242 tala språk. Av desse har fem status som nasjonale språk: fransk, kikongo, lingala, swahili og tshiluba.

■ Fransk er klårt det mest tala språket i Kongo og det som i hovudsak blir nytta som lingua franca. Då Kongo er ein tidlegare belgisk koloni utvikla denne varianten av fransk seg vidare i landet. Fransk er språket som i hovudsak blir nytta i hovudstaden Kinshasa, og andre store byar, noko som

har festa posisjonen til fransk i staten. Likevel: kor kolonisert er eit land framleis når kolonistens språk er det viktigaste språket i landet? Og når sluttar eit språk å vera kolonistens språk og lev eit eige liv?

■ Bantuspråket Kikongo er eit anna av dei nasjonale språka, i alle fall i grunnlova. I praksis er det derimot kreolen Kituba, som er basert på Kikongo, som blir nytta. Lingala som er det mest nytta språket i landet etter fransk, er eit av dei andre bantuspråka som er nasjonalspråk i Kongo. Det er det største bantuspråket i Kinshasa og blei nytta som det offisielle språket til hæren under Mobutu.

■ Swahili, som er det mest kjende bantuspråket internasjonalt, er au nytta i Kongo, men i mindre grad enn i Aust-Afrika. No lurar du kanskje på kva eit bantuspråk er for noko, det er ein grein i språkfamilien nigerkongo, som er den dominerande språkfamilien i Afrika sør for Sahara.

■ Det siste nasjonale språket er Tshiluba, au eit bantuspråk. Det finst to store variantar av språket, eit som blir snakka av lufafolket i Aust-Kasai-regionen, og eit nytta av lufafolket i Vest-Kasai-regionen.

■ Av dei resterande levande språka er 208 heimehøyrande i regionen. Av desse er 163 stabile, medan 39 er i fare for å døyt ut. I dagens lingvistiske verd der store lingua francaar et opp mindre språk slik veps flyg på saftglas, er me heldige at så mange av språka er stabile. For eit land prega av brutal kolonisering, konstante krigar og stormakter som prøver å røva til seg alt av ressurs, kunne det vore mykje verre. Dei fleste språka høyrer til den tidlegare nemnde språkfamilien nigerkongo (185), 22 er nilosahariske, og eitt er kreol, altså Kituba.

■ Kongo er så utruleg rikt på alle moglege måtar. Eg vonar resten av verda let dei ha rikdomane sine i fred, og at dei sjølv set pris på den vakre, språklege rikdommen dei sit på er.

THARANIGA RAJAH